Kapittel 7 Datamateriale

7.0 Innleiing

I dette kapittelet vil sjølve innsamlinga og tilrettelegginga av datamaterialet bli nærare presentert. Eg vil for det første leggje fram ulike problemstillingar kring feltarbeidet og innsamlinga av rådata – som val av informantar, intervju og bruk av spørjeskjema. For det andre vil eg ta føre meg den vidare prosesseringa av rådata. Vegen frå rådata til data er her forholdsvis omfattande og inneheld fleire potensielle fallgruver. Eg vil derfor gå nøye inn på og diskutere dei ulike prinsippa for transkripsjon, ekserpering og koding.

7.1 Innsamling av rådata

I den første delen av dette punktet vil eg presentere feltarbeidet og diskutere dei ulike ønska og kriteria som har ligge bak valet av informantar. Eg vil vidare gå nærare inn på og skildre dei ulike innsamlingsmetodane som har vorte brukt for å innhente rådata. Deretter vil eg gi ein kort presentasjon av informantane på respektive Røros og Tynset. Eg vil først og fremst konsentrere meg om dei unge informantane, men vil òg gi korte skisser av dei vaksne.

7.1.1 Feltarbeid og val av informantar

> Der bodde Hlewagastir, urgermaner,
> og var den siste fjomsefjeldianer.
> Han var den siste av den stolte slekt
> som ennu snakket fjomsedialekt!
> Nu stanset Stavens stønn og smerteklager –
> han fisket hastig frem sin båndopptager.
> Å stolte seier! Salig forsker-fryd!
> Å, hvilken herlig forhistorisk lyd!
> Her lød de samme kasus og diftonger
> som blant de aller første viking-konger!
> Her lød – å, hvilken vitenskaps-suksess! –
> her lød sogar en ekte *stungen d*!
> Om denslags drømmer alle filologer.
> Og Hlewagastir mumlet sine soger.
> (Frå Gravtale over en norskfilolog av Helge Dyvik).

Innafor den klassiske dialektforskinga var gamalt og ekte meir eller mindre synonyme omgrep i studiet av dialektar. Slik Venås (1991:18) skriv, la granskarane vinn på "å finne fram til heimelsfolk som hadde dei språklege røtene sine djupt i heimleg jord, folk som hadde levt i eit støtt språkmiljø heile livet, og som ikkje hadde vorte mykje utsette for språkleg påverknad utanfrå". I denne granskinga vart det ikkje sett slike krav til informantane. Sidan eg hadde eit ønske om å få eit så breitt bilete som mogleg av dei ulike *lokalt* baserte språklege praksisane som eksisterer i dei to språksamfunna, var det tvert imot eit

mål å få med informantar med ulik bakgrunn. Målet i denne granskinga har altså ikkje vore å skildre den "fjomsefjellske *stungne d*", men å prøve å skildre den variasjonsbreidda ein finn innafor den lokale dialekten blant unge og vaksne på respektive Røros og Tynset.[74] Det er dessutan eit mål å prøve å seie noko om forskjellar og likskapar mellom dei to plassane, og om kva for retning talemålsutviklinga på dei to plassane tek. Sidan eitt av utgangspunkta for prosjektet har vore at talemålet til *unge* språkbrukarar etter alt å døme vil kunne fortelje noko om kva for retning talemålsutviklinga i eit område vil kome til å ta, var det naturleg å konsentrere studien om nettopp unge informantar (jf. diskusjonen i kap. 4). Ut frå ei forventning om at ungdomen i *sentrum* truleg vil leie an i ei eventuell talemålsendring, var det dessutan naturleg å konsentrere seg om informantar frå sentrum av dei to kommunane, men eg tok òg med nokre informantar frå andre delar av kommunane for å kunne samanlikne.

Eg gjennomførte eit såkalla etnografisk inspirert feltarbeid på dei to plassane. Det vil seie at eg oppheldt meg i lengre tid på Røros og Tynset og prøvde å gjere meg kjend med og i lokalmiljøet. Det innebar å snakke med og lytte til folk rundt om i dei to bygdene. Eg var ein god del på dei vidaregåande skulane og snakka mykje med lærarane der. Elles var eg i kontakt med folk på Rørosmuseet, på Musea for Nord-Østerdalen og folk ved ulike offentlege kontor og etatar, og eg lytta til folk i butikkar, på kafé, på postkontoret osb. Både på Røros og Tynset hadde eg lokale kontaktpersonar som kunne introdusere meg for ulike enkeltpersonar og miljø.[75] Sidan Røros i utgangspunktet var den plassen eg hovudsakleg var interessert i, hadde eg base her og pendla til Tynset. Hausten 1997 budde eg litt over to månader i ein av dei gamle ærverdige gardane i Røros sentrum, Proviantgården i Bergmannsgata.[76] Sidan hadde eg kortare campingopphald både på Røros og Tynset utover vinteren/våren 1999. Intervjua vart gjennomførte i to omgangar, den første delen hausten 1997 og den andre våren 1999 (meir om intervjua i pkt. 7.2 nedafor).

Valet av informantar vart dels styrt ut frå dei ulike måla med granskinga, og konkrete krav knytt til desse måla, og dels vart ho styrt av praktiske omsyn. Ut frå hypotesen om synkrone generasjonsforskjellar har eg for det første valt å dele informantane på Røros og Tynset i to grupper, *unge* under 20 og *vaksne* over 40, etter det emiske livsfaseprinsippet (jf.

[74] Det er vel å merke variasjonen innafor dei *lokale* dialektane som er av interesse. Innflyttarar med ein heilt annan dialektbakgrunn er såleis ikkje inkluderte her.
[75] Eg skuldar ei stor takk til Ingeborg Donali på Tynset og Ruth Lien på Røros.
[76] Eg skuldar også ei stor takk til Amund Spangen og Eli Høsøien som lét meg bu her.

kap. 6, pkt. 6.2.1). Dei unge informantane vart rekrutterte gjennom dei vidaregåande skulane på dei to plassane.[77] Dei vaksne informantane kom eg i kontakt med anten via ungdomane, via lærarar ved dei to skulane eller gjennom dei lokale kontaktpersonane – med andre ord etter den såkalla kjennings-kjenning-metoden (jf. L. Milroy 1980 & 1987). På intervjutidspunktet var alle ungdomane i alderen 17-19 år og gjekk andre eller tredje år på vidaregåande. Det vil seie at dei alle var i same livsfase; altså skuleungdomar på nippet til å velje seg ei retning vidare i livet. Planane for framtida skal snart stakast ut og spørsmålet om dei skal flytte eller bli, jobbe eller utdanne seg vidare, er høgaktuelle for dei alle. Det var eit ønske at ungdoms-gruppa skulle vere mest mogleg homogen med omsyn til livsfase (jf. diskusjonen i kap. 6, pkt. 6.2.1). Den andre gruppa, dei vaksne, er foreldregenerasjonen til ungdomane. Desse har alt teke valet om å bli på Røros eller Tynset, og har etablert seg med jobb og familie – og er på denne måten også i same type livsfase.

Det viktigaste kriteriet for å velje ut aktuelle informantar, var at dei skulle ha vakse opp og gått det meste av grunnskulen i Røros eller Tynset kommune. Dette er eit viktig krav fordi det spesielt er i dei første oppvekståra og i tida på grunnskulen at grunnlaget for talemålet blir lagt.[78] Dette kriteriet vil med andre ord vere den viktigaste "garantisten" for at informantane har lært seg ein variant av respektive røros- eller tynsetdialekten.

Det var ikkje noko krav at begge foreldra måtte vere frå respektive Røros eller Tynset. Det var tvert om eit ønske å få med informantar med ulik foreldrebakgrunn. Eg ville gjerne ha med både slike som ikkje har foreldre frå staden, og slike som har ein eller begge foreldra sine frå staden. Ulike granskingar har vist at barn *oftast* vel å snakke slik som omgivnadene snakkar og ikkje slik foreldra gjer, men at enkelte språkdrag kan vere sensitive i høve til foreldrebakgrunn (jf. kap. 6, pkt. 6.2.5). Røros og Tynset er kommunar som begge har vore prega av stor tilflytting (jf. kap. 2). Det seier seg derfor sjølv at svært mange barn har vakse opp her med foreldre frå andre kantar av landet. Når ein ønskjer å få oversikt over variasjons-breidda i bruken av dei lokale dialektane i dei to språksamfunna, ville det vere svært uheldig å utelukke desse gruppene.

[77] Røros vidaregåande skule på Røros og Holmen vidaregåande skule på Tynset. Begge skulane tilbyr ulike liner innafor både allmennfagleg og yrkesfagleg studieretningar.
[78] Jamfør t.d. studien til Payne (1980) som viste at det mest avgjerande korrelatet for den språklege tileigninga, er den *alderen* barna hadde då dei flytta til staden. Jamfør også diskusjonar kring dette i kap. 4 og 6, pkt. 6.2.5.

Kjønn er ein annan inndelingskategori som også blir brukt i mi gransking (jf. kap. 6, pkt. 6.2.2). Det har likevel ikkje vore avgjerande å skulle få med like mange av kvart kjønn. Sidan innsamlinga av rådata gjekk føre seg via dei vidaregåande skulane på dei to plassane, var dessutan studieretning – yrkes- eller allmennfagleg – ein strukturerande kategori. Eg hadde i utgangspunktet eit ønske om å få med både gutar og jenter ved dei to hovudretningane, men dette viste seg i praksis å bli svært vanskeleg rett og slett fordi det var svært få aktuelle jenter ved yrkesfaglege studieretningar. Dette gjaldt i særleg grad på Røros, sidan ein her hadde flest teknisk/mekaniske retningar (skulen har sidan opptakstidspunktet også fått frisørfag).[79] Den vidaregåande skulen på Tynset hadde noko fleire studietilbod, inkludert fleire yrkesfaglege retningar som tradisjonelt appellerer til jenter, som hotellfag og servicefag.[80] Problemet her var likevel at denne skulen samlar elevar frå heile Østerdalen og også frå Sør-Trøndelag, slik at det i praksis viste seg å vere svært få aktuelle informantar å finne her (som også var interesserte i å vere med på prosjektet). Dermed måtte eg i hovudsak avgrense meg til gutar ved teknisk/mekaniske retningar. På Tynset har eg likevel ei jente som går på yrkesfag (jf. pkt. 7.1.3.2 nedafor). Ved allmennfaglege studieretningar er kjønnsfordelinga meir jamt fordelt, slik at det her ikkje baud på problem å skaffe informantar av begge kjønn. I tillegg ønskte eg ei viss spreiing av informantane med omsyn til sosiokulturell bakgrunn og orientering.

Dei unge informantane vart plukka ut på basis av ein enquete som i overkant av totalt 100 elevar ved dei vidaregåande skulane, på kvar av dei to plassane, svarte på. I enqueten, som ungdomane fekk utdelt i ein skuletime, vart det bede om opplysningar om kvar dei hadde vakse opp og om foreldrebakgrunn. I tillegg vart ungdomane bedne om å skrive litt om dei tre spørsmåla: Kva legg du i det å vere rørosing/tynseting?, Kva er typisk for dialektbruken på Røros/Tynset? og Kan du seie noko om forholdet mellom Røros og Tynset? Svara på desse spørsmåla vart blant anna brukt til å utforme ein intervjuguide og til å danne seg eit generelt

[79] Røros vidaregåande skole hadde på tidspunktet for feltarbeidet tilbod innafor følgjande studieretningar: allmenne, økonomiske og administrative fag, formgivingsfag, helse og sosialfag, mekaniske fag, trearbeidsfag, byggfag, bilfag og transportfag. Nyare studieretningar ved skulen er frisørfag og media og kommunikasjon.

[80] Nord-Østerdal vidaregåande skole hadde på tidspunktet for feltarbeidet følgjande studieretningar: allmennfag, idrettsfag, musikk, dans og drama, formgivingsfag, helse- og sosialfag, hotell- og næringsmiddelfag, sal- og service, byggfag, elektrofag og mekaniske fag. Allmennfaglege og yrkesfaglege retningar er lokaliserte i ulike bygg, Holmen, Trontun og Siva, og det verka ikkje vere mykje kontakt mellom elevane ved dei ulike retningane. Ved Holmen finn ein allmennfag, idrettsfag, musikk, dans og drama og formgivingsfag. Trontun hyser helse- og sosialfag, hotell- og næringsmiddelfag og sal- og service, medan byggfag, elektrofag og mekaniske fag er samla på Siva.

bilete av røros- og tynsetungdomens forhold til dialekten og heimplassen. I enqueten vart elevane også spurde om dei kunne tenkje seg å ta del i granskinga (jf. vedlegg 7.1). Symptomatisk nok var det særleg ein viss kategori elevar som sa ja til å vere med på prosjektet – dei ressurssterke, positive og skuleflinke. Desse synte seg å vere nokså "like" også språkleg sett. Gjennom samtalane med desse ungdomane og andre fekk eg etter kvart eit visst innblikk i ungdomsmiljøa på dei to plassane, og det vart klart at ungdomen fordeler seg på, og sjølve definerer seg inn i, ulike grupper som idrettsgjengen, "busen" (dei festeglade), rånarane, sossen og skatarane (jf. kap. 6, pkt. 6.2.8). Nokre definerte seg sjølvsagt innafor fleire av gruppene samtidig. Sidan eg gjerne ville snakke med ungdom frå så mange ulike miljø som mogleg, måtte eg altså gå meir strategisk til verks. Dette vart dels gjort ved å gå via andre ungdomar, via lærarar eller ved at eg sjølv tok kontakt med aktuelle enkeltpersonar og grupper (t.d. på ulike kafear, butikkar eller i skulekantina). På personleg førespurnad om dei ville vere med, i staden for spørsmål i eit meir upersonleg spørjeskjema, svarte dei fleste ja. Den gruppa som var aller vanskelegast å få med, var dei urbant orienterte soss/skatar-gutane som var lite interesserte i å snakke om dialekt.

Det var som nemnt ikkje noko anna absolutt krav til dei unge informantane enn at dei måtte ha budd mesteparten av livet sitt på Røros eller Tynset. Eg var vel så interessert i å få med "innflyttarungar" som fleirgenerasjons rørosingar og tynsetingar. Eg var dessutan, som sagt, oppteken av å få med så mange ulike ungdomstypar som mogleg. Kravet til dei vaksne informantane var at også dei måtte ha vakse opp på Røros eller Tynset, mens det her ikkje var noko krav om foreldrebakgrunn. Det var eit mål at gruppa vaksne helst skulle vere foreldre til dei ungdomane eg intervjua. I somme tilfelle let dette seg gjennomføre, men i ein god del tilfelle viste dette seg vanskeleg – både reint praktisk og ved at fleire foreldre var skeptiske til å la seg intervjue. Fleire meinte at dei ikkje "kunne nok om dialekten", og alle freistnader på å overbevise dei om at det ikkje var noko dei skulle "kunne", nådde ikkje fram. Gruppa vaksne består såleis både av foreldre til nokre av ungdomsinformantane og representantar for foreldre-generasjonen.

Når ein arbeider med å samle inn materiale, opplever ein ofte at informantane korkje *er* eller *gjer* slik ein ventar. Det kan i denne samanhengen òg vere viktig å hugse på at spørsmålet om kva for informantar ein *må ha*, i praksis lett kan ende opp i eit pragmatisk spørsmål om kven ein *kan få*. Det blir ofte arbeidd under tidspress som ikkje tillet at ein kan bruke for

mykje tid på å leite etter alle aktuelle informantgrupper (jf. Stavens lange og smertefulle informantjakt i Fjomsefjell).

Heile det innsamla materialet består av relativt uformelle intervju med 40 ungdomar og 10 vaksne frå Røros og Tynset. Dei fleste er frå *sentrum* av dei to kommunane, men det er òg med nokre informantar frå andre delar av kommunane. Nokre av dei unge informantane var i tillegg til dei individuelle intervjua også med på eit gruppeintervju (2 eller 3 i kvar gruppe). Eg har i alt tre gruppeintervju på Røros og tre på Tynset. Alle samtalene var viktige for å samle informasjon undervegs, og har fungert som nyttig bakgrunnsmateriale. Eg har likevel ikkje brukt alle desse intervjua i den konkrete analysen, men har avgrensa materialet til dei *individuelle* intervjua. I to tilfelle har eg likevel med enkeltinformantar frå gruppesamtalar (jf. meir om dette under pkt. 7.2). Det totale innsamla materialet vart for stort til at det vart mogleg å handsame alt i denne omgangen. Nokre av intervjua var dessutan vanskelege å bruke fordi det mest berre var intervjuaren, dvs. eg, som snakka. Dette gjaldt først og fremst intervju med nokre av gutane på Røros og Tynset som openbert syntes situasjonen var umåteleg pinleg. Dette var vel å merke ikkje eit generelt problem. Dei aller fleste informantane, unge som vaksne, var svært lette å få i tale.

Intervju totalt:
40 ungdom
21 på Røros, 8 jenter, 14 gutar
19 på Tynset, 10 jenter, 9 gutar
6 gruppeintervju, 3 på Røros og 3 på Tynset
10 vaksne
6 på Røros, 3 kvinner, 3 menn
4 på Tynset, 1 kvinne, 3 menn

Intervju som blir brukte i analysen
27 ungdom
15 på Røros, 5 jenter, 10 gutar
12 på Tynset, 5 jenter, 7 gutar
10 vaksne
6 på Røros, 3 kvinner, 3 menn
4 på Tynset, 1 kvinne, 3 menn

Det som ligg til grunn for analysen i dei følgjande kapitla er såleis intervju med 15 ungdomar frå Røros og 12 ungdomar frå Tynset (jf. boksen ovafor). I tillegg til dette har eg individuelle intervju med nokre informantar frå foreldregenerasjonen, seks frå Røros og fire frå Tynset (fire av desse er foreldre til nokre av ungdomane). Dei unge informantane fordeler seg på denne måten: 15 ungdomar frå Røros, 5 jenter og 10 gutar. Av desse er 11 frå sentrum av kommunen og 4 frå periferien. 12 ungdomar frå Tynset, 5 jenter og 7 gutar. Av desse er 9 frå sentrumskjernen og 3 frå andre delar av kommunen. Det er til saman transkribert om lag 30 minutt frå 37 av i dei alt 56 intervjua (jf. pkt. 7.2.1 nedafor). Det vil seie at materialet som blir brukt i den språklege analysen, består av 18 og ein halv time transkribert tale. Kvart av intervjua var likevel mykje lengre enn desse 30 transkriberte minutta. I gjennomsnitt varte

kvart intervju i mellom 60-90 minutt. All informasjonen som kjem fram i intervjua, inngår likevel som rådata og blir brukt i den hermeneutisk og prakseologisk orienterte innhalds-analysen (jf. kap. 5, pkt. 5.5.4 og kap. 10).

7.1.1.1 Representative for eller representantar for?

Innafor tradisjonell, kvantifiserande sosiolingvistisk forsking har det vore eit hovudkrav at informantutvalet skal vere stort, basert på tilfeldige utval, og vere representativt for den aktuelle populasjonen. Eit viktig spørsmål for val av informantar dreier seg altså om spørsmålet om representativitet. Føremålet med denne granskinga er vel å merke ikkje å trekkje *statistisk* sett *generaliserbare* slutningar om språkbruken på Røros og Tynset ut frå eit *representativt* utval av populasjonen. Men det er likevel viktig å kunne foreta teoretiske generaliseringar, og å kunne dra slutningar som kan ha ein viss *overføringsverdi* til andre unge og vaksne på Røros og Tynset. Dermed er det viktig å ha informantar som kan seiast å vere eksponentar eller representantar for ulike sosiokulturelle orienteringar i dei to språksamfunna. Informantane i denne granskinga er altså ikkje representative i statistisk forstand, men dei er representative på den måten at dei representerer viktige grupper innafor språksamfunnet på respektive Røros og Tynset. Informantane vart, som vi såg ovafor, ikkje valde ut ved tilfeldige utvalsprinsipp, men dels plukka ut gjennom skulen, dels strategisk for å få fatt i ulike grupperingar og dels gjennom nettverkskjennskap. At det er nett *desse* informantane som vart med i granskinga, er likevel tilfeldig, i den forstand at eg plukka ut dei eg fekk tak i, og som samtidig hadde lyst, tid og høve til å la seg intervjue i det aktuelle tidsrommet.

Dette er utvalsprinsipp som er meir i tråd med Bourdieu sin metodiske praksis (jf. Broady 1991:503-504). Bourdieu og hans medarbeidarar bruker sjeldan statistisk tilfeldige utval av respondentar i sine granskingar. I staden stiller dei eit anna representativitetskrav enn det statistiske. Dei interesserer seg snarare for individ og grupper, haldningar og eigenskapar som er representative i den tydinga at dei representerer visse sosiale fenomen av interesse. I visse fall kan tilfeldige utvalsteknikkar rett og slett ikkje vere moglege å sameine med Bourdieu sine relasjonistiske ambisjonar (jf. kap. 9). Dersom ein er interessert i eit system av relasjonar – t.d. innafor eit sosialt felt – kan ei lita gruppe agentar med stor påverknadskraft vere viktigare enn ei stor gruppe med meir gjennomsnittlege eigenskapar. Den metodiske regelen er i slike tilfelle å prøve å få med alle dei posisjonar som medverkar til å definere

strukturen til eit felt. Eit studium av eit kulturelt felt krev anten ei totalgransking eller utvalsprosedyrar som sørgjer for at ingen viktige agentar eller grupper blir utelatne. Dette er eit svært viktig prinsipp som også var styrande for valet av dei unge informantane. Omgrepet representativitet har såleis ei meining her som ikkje må forvekslast med ordets statistiske innhald.

Innafor mykje tradisjonell sosiolingvistisk forsking har informantane vorte plasserte inn i allereie oppretta sosiale kategoriar, som så har vorte korrelert med dei språklege funna. Problemet med ein slik framgangsmåte er at ein står i fare for å få svært heterogene kategoriar, i alle fall dersom ein opererer med svært aggregerte kategoriar, som skjuler viktige distinksjonar. Det vil alltid vere ei viss spreiing innafor ei gruppe, men dersom spreiinga er så stor at det ikkje er noko klart fokus (tyngdepunkt) i gruppa, er den førehandsoppretta kategorien ubrukeleg til å karakterisere dei menneska som er meint å skulle vere representantar for den aktuelle gruppa. I ein slik situasjon lyt ein anten finne andre grupper å kategorisere etter, eller, etter mi meining betre, avgjere kategoriane og korrelata for variasjonen undervegs eller etterpå – meir i tråd med Bourdieus utvalspraksis.

Eit anna alternativ til den tradisjonelle framgangsmåten kan vere å ta utgangspunkt i den språklege variasjonen og undersøkje om dei ulike mønstra i denne variasjonen fell saman med bestemte eigenskapar hos informantane. Barbara Horvath (1985) har i arbeidet med "Variation in Australian English" synt at det er mogleg å gå denne vegen. Ho kritiserer bruken av førehandsoppretta kategoriar, fordi ein då allereie har avgjort kva korrelata for variasjonen er. Horvath vel i staden å ta utgangspunktet i dei lingvistiske funna, og plasserer informanten i grupper først etter å ha kodifisert og analysert det lingvistiske datamaterialet.

> [...] the primary tool used (principal components analysis) allows initial analysis of the linguistic data without requiring the aggregation of the speakers according to socio-economic class and hence minimizes the problem of inappropriately classifying speakers (Horvath op. cit.:47).

Ved bruk av korrespondanseanalyse kan ein på tilsvarande måte kartleggje relasjonane mellom dei språklege dataa på den eine sida og informantane sine eigenskapar og sosiale karakteristika på den andre (jf. kap. 5, pkt. 5.5.3 og kap. 9). Dermed får vi ei skildring av kva for sosiokulturelle storleikar som er avgjerande i denne samanhengen. Slik det går fram ovafor, har eg likevel ikkje gått fram på same måte som Horvath, men har stort sett oppretta kategoriane *før* analysen. Men dei ulike kategoriane kom til både før, under og etter sjølve

datainnsamlinga. For å få med så mange ulike sosiokulturelle orienteringar som mogleg, har eg teke med mange og tilsynelatande redundante kategoriar. Dei tolv sosiale kategoriane er, som vi såg i kapittel 6, dels overlappande, men nærmar seg den sosiale røynda frå noko ulike innfallsvinklar (jf. pkt. 6.2).

Eg hadde t.d. ikkje på førehand bestemt meg for kva for ungdomsgrupper eg skulle intervjue. Først måtte eg jo finne ut av kva for relevante ungdomskategoriar som fanst på dei to plassane. Dei ulike sosiale kategoriane utkrystalliserte seg på denne måten undervegs i feltarbeidet når eg fekk klarlagt kva for kategoriar og språkleg relevante sosiale distinksjonar informantane sjølve opererer med. Det betyr sjølvsagt ikkje at eg kom blank til feltarbeidet. Eg hadde, som nemnt innleiingsvis, nokre teoretiske baserte forventningar om kvar eg ville finne forskjellar og likskapar – ikkje minst ut frå det tidlegare sosiolingvistiske studiar har vist. Men eg var likevel oppteken av å ikkje "låse" studien fast til nokre få programmatiske kategoriar. Det var viktig å prøve å få auge på og teste ut kva for kategoriar som er avgjerande og ikkje (jf. diskusjonen kring dette i kap. 6).

For å oppsummere, så har vi altså sett at *alder* er ein sentral kategori som det var klart på førehand at eg ville dele informantane inn etter. Det same gjeld kategorien *sentrum - utkant*. Dette var dessutan ein kategori dei aller fleste informantane trakk fram. *Kjønn*, *skuleretning* og *foreldrebakgrunn* var andre strukturerande kategoriar i innsamlingsarbeidet, medan dei andre sosiale inndelingskategoriane meir kom til undervegs.

7.1.2 Intervju

Slik eg var inne på i presentasjonen av dei teoretiske siktemåla med prosjektet, er det eit mål å prøve å nå ei djupare forståing av dei igangverande endringsprosessane ved å avdekkje kva for underliggjande motivasjonar einskildindivid kan ha ved val av språkleg tilpassing. Intervjua vart derfor lagt opp som relativt lange samtalar, der vi tok opp tema som haldningar til dialektar generelt og eigen dialekt spesielt, haldningar til og tankar om heimplassen, det sosiale nettverket til informantane, framtidsplanar, fritidsinteresser, verdiar, ambisjonar osb. – der eg kort sagt prøvde å få eit innblikk i livsverda til den enkelte. Eg fungerte sjølv i alle tilfella som intervjuar.

7.1.2.1 Semi-strukturete kvalitative forskingsintervju

Intervjua vart gjennomførte i tråd med ideala for det kvalitative forskingsintervjuet (jf. Røyneland 1994:57ff). Kort fortalt er føremålet med eit kvalitativt intervju å innhente skildringar av informanten si livsverd med tanke på ei kvalitativ tolking av meininga til dei fenomena som blir skildra (jf. t.d. Kvale 1981:163). To sentrale spørsmål som gjeld innsamling av data, er kva for type rådata ein innhentar ved ulike metodar, og kva for spørsmål desse dataa kan gi oss svar på. Kva slags rådata får vi via eit kvalitativt forskingsintervju? I ein språkvitskapleg forskingssamanheng vil eit slikt munnleg datatilfang kunne ha ein omfattande og kompleks verdi som vitskapleg grunnlagsmateriale. For lingvisten kan intervjuet ha ein *dobbel informasjonsverdi*. På den eine sida inneheld det kvalitative intervjuet informasjon om korleis informanten opplever ein sosial røyndom, og på den andre sida den språklege produksjonen til informanten. Innafor Labov-tradisjonen er det såkalla "sosiolingvistiske intervjuet" ein av dei mest brukte metodane for innsamling av råmateriale (jf. t.d. Labov 1972, 1984). Her er den ytre, formelle strukturen ved den munnlege overleveringa det primære datagrunnlaget for språkforskaren (for kritikk av det sosiolingvistiske intervjuet sjå Wolfson 1976, Møller 1991, Røyneland 1994). Ved eit kvalitativt orientert intervju, derimot, ønskjer ein å rette fokus både mot uttrykkssida og mot innhaldssida ved datatilfanget. Dette inneber i sin tur at forskaren må vere ekstra merksam på si eiga rolle som medskapar av det empiriske materialet, og at prosessen fram mot det doble produktet òg må stå i fokus.

Metodisk er det kvalitative intervjuet eit "halvstrukturert", uformelt intervju. Det vil seie at intervjuaren i staden for å stille eksakte spørsmål, fokuserer på særskilde temaområde for å kaste lys over bestemte problemstillingar. Eg hadde likevel eit intervjuskjema som eg følgde, både for å skape tryggleik rundt situasjonen, og for å få dekt opp dei spørsmåla eg gjerne ville ha svar på (jf. vedlegg 7.2).[81] Rekkjefølgja og omfanget til spørsmåla varierte ein del og var for ein stor del avhengig av informanten si interesse for og kunnskap om dei ulike temaområda. Opplysningane eg fekk, er derfor både mangesidige og fleksible. Det primære

[81] I ei gransking av sunnmøringar i Oslo opplevde eg at det vart ei viss forvirring rundt samtalesituasjonen i intervju der det vart lagt opp til at intervjuet skulle vere ein ustrukturert, uformell samtale. Når ein informant stiller opp for eit intervju ventar han/ho å få stilt ein del spørsmål. Ein ventar *ikkje* at det skal vere ein heilt ustrukturert samtale. Det ligg innbakt i intervjuet som samtaleform at det skal handle om noko. Ved å ha eit intervjuskjema unngår ein dermed slik potensiell forvirring, og er betre i stand til å skape tryggleik rundt situasjonen.

føremålet var ikkje å hente inn kvantifiserbare svar, men å få ei nyansert skildring av ulike aspekt ved livsverda til informanten. Men kvantifisering kan òg gå inn som eit ledd i den kvalitative meiningstolkinga (jf. operasjonaliseringa av dei ulike sosiale variablane). Fokus vart med andre ord retta mot det individuelle snarare enn mot det generelle og representative.

7.1.2.2 Det naturlege talemålet og intervjuet som samtaleform

Ein av dei mest sentrale innsiktene i sosiolingvistikken er at vi som språkbrukarar varierer talemålet vårt etter tilhøva. Innafor den labovske tradisjonen har det vore vanleg å skildre denne variasjonen som eit kontinuum frå formell til uformell stil. Gjennom det sosiolingvistiske intervjuet har ein prøvd å kartleggje variasjonen på fleire punkt langs denne stilaksen (jf. Labov 1972 og hans inndeling i "casual speech", "careful speech", "reading style", "word list" og "minimal pairs"). Den stilen som likevel har vorte framheva som den mest interessante og dermed som sosiolingvistikkens primære forskingsobjekt, er den uformelle stilen. Denne uformelle stilen blir kalla for "the vernacular", og blir av Labov definert som "the style in which minimum of attention is given to the monitoring of speech" (Labov 1972:208).[82] Hovudføremålet med det labovske sosiolingvistiske intervjuet er å bryte med den formelle intervjuforma og skape ein meir *naturleg samtalesituasjon*, slik at dette såkalla uformelle og naturlege daglegspråket kan kome fram (jf. Labov 1984:32-33, for ein grundigare diskusjon av det sosiolingvistiske intervjuet sjå Røyneland 1994:53ff). Ifølgje Labov gir observasjonar av "the vernacular" det beste og mest systematiske datamaterialet for analyse av ein lingvistisk struktur, og er dermed det mest interessante studieobjektet for ein sosiolingvistisk analyse. Men ein kan spørje, kva er ein "naturleg samtalesituasjon", og gir det meining å snakke om eit mest *naturleg* og *eigentleg* talemål? Moderne menneske bruker språket i ein rekkje samanhengar og til ei rekkje føremål. Som vi veit, og som sosiolingvistisk forsking har synt gjentekne gonger, er talespråket svært kontekstsensitivt. I det aktive språkrepertoaret vårt har vi gjerne fleire sett språklege variantar av det same uttrykket til

[82] Milroy (1987) peiker på at "the vernacular" kan forståast på fleire måtar: Termen kan også definerast som ein varietet som er karakteristisk for eit visst geografisk område eller ei viss sosial gruppe. Definisjonane av "the vernacular" som geolekt/sosiolekt eller som ein varietet der språkbrukaren ikkje brukar energi på å "overvake" talespråket sitt, har det til felles at dei begge refererer til variantar av språk som ofte blir stigmatiserte – offisielt eller uoffisielt (jf. Sollid 2002:177). Ein tredje måte å forstå "the vernacular" på, er at det er den varieteten ein språkbrukar lærer som barn. Denne forståinga av omgrepet, i tillegg til den som går ut frå at dette er det mest "naturlege" talespråket for språkbrukaren, har inspirert somme til å omsetje termen med "hjartespråket" (jf.

rådvelde, som vi kan alternere mellom for å markere til dømes identifikasjon med visse grupper og/eller stilvariasjon. Med tanke på den kunnskapen vi har om intraindividuell variasjon, individuelle repertoar og kodeveksling, blir ideen om at eitt av desse registra skulle vere meir "naturleg" enn dei andre, noko problematisk. Blant anna byggjer denne ideen på ei svært statisk og essensialistisk identitetsforståing. Det å gå ut frå at ein viss varietet skulle vere den mest "naturlege", "genuine" og "ekte" språklege uttrykksforma for eit individ, ignorerer det faktum at vi som individ opererer på mange ulike arenaer, i mange ulike roller og med ulike identitetar, og at ulike uttrykksformer kan kjennast like "naturlege" alt avhengig av samanheng.

Ideen og idealet om "the vernacular" har vore svært framtredande innafor den labovske tradisjonen. Med eit slikt ideal som utgangspunkt, står ein i fare for å bli konfrontert med det mykje omtalte "observers paradox", dvs. spørsmålet om korleis observerte folk agerer når dei ikkje blir observerte (jf. Labov 1972). Bent Hammers film "Salmer fra kjøkkenet" leverer ein glitrande illustrasjon av dette metodiske paradokset. I sin vitskapskritiske film syner Hammer kor gale det kan gå når idealet om objektiv observasjon og objektiv naturvitskapleg registrering av sosiale, menneskelege handlingar får rå grunnen. Dette er underhaldande positivismekritikk på sitt beste. Hammer viser kor absurd det blir med ein forskar som ikkje vil vere ein aktiv deltakar og som ikkje interesserer seg for forskingsobjektets eigne vurderingar av den sosiale røynda han lever i. Hammers kritikk kan på fleire måtar seiast å ramme ideala for det sosiolingvistiske intervjuet, jakta på "the vernacular" og paradokset som har vorte formulert kring dette. Bak observatørens paradoks ligg det eit ønske om at forskaren skal vere mest mogleg nøytral, ikkje-deltakande og fråverande i sjølve datainnsamlinga slik at den potensielt negative effekten ved at forskaren er til stades, blir redusert til eit minimum. Målet er altså å utvikle metodar som kan observere forholda "slik dei verkeleg er" utan at noko utaforliggjande påverkar det observerte objektet. Her ser vi at det ligg eit implisitt positivistisk vitskapsideal i botnen.

Talen er som regel retta til nokon. Denne nokon vil uvilkårleg ha innverknad på utforminga av talen. Dette er grunnleggjande. Dette er også noko ein forskar som ønskjer å studere levande talespråk, må ta omsyn til – ikkje nødvendigvis som noko problem, men som

---

Venås 1991:107). Dette er ei omsetjing som understrekar den essensialistiske identitetsforståinga som ligg innbakt i termen.

ein realitet. Men observatørens paradoks er først og fremst slik Cameron m.fl. (1992:5f) peiker på det, eit problem for positivistisk orienterte studiar som har objektive og verdifrie observasjonar som mål og ideal. Dersom ein legg eit anna vitskapsideal til grunn, kan ein derimot avvise heile paradokset som eit sentralt problem for den sosiolingvistiske data-innsamlinga. Innafor ein meir fenomenologisk, hermeneutisk og kvalitativt orientert forskings-tradisjon vil ein seie at forskaren med *nødvendigheit* er ein aktiv deltakar i forskingsprosessen og ein medskapar av data, og at dei data ein samlar inn om sosiale forhold, ikkje kan vere objektive i naturvitskapleg forstand. I staden for å sjå på observatørens subjektivitet som ei uheldig forstyrring, bør ein heller sjå på det som eit naturleg element i den menneskelege samhandlinga og kommunikasjonen som utgjer vårt studieobjektet. Alle observasjonar blir silt gjennom eit teoretisk filter. Dei teoretiske brillene forskaren har på, vil vere avgjerande for kva for data som blir sett og gjort til gjenstand for analyse. Studie av den sosiale røynda kan ikkje basere seg på "objektive og verdifrie observasjonar", og bør heller ikkje ha det som ideal og mål (jf. diskusjon rundt observatørens paradoks i Sollid 2002 og Cameron m.fl. 1992).

Gjennom det sosiolingvistiske intervjuet har ein som sagt vore interessert i å kartleggje den stilistiske variasjonen og har gjerne delt opp intervjuet inn i ein formell og ein uformell del. I min studie har det ikkje vore eit hovudmål kartleggje denne typen stilvariasjon, eller andre former for veksling mellom situasjonar. Dei fleste informantane er berre intervjua ein gong. Eg har altså ikkje teke mål av meg til å seie noko om dei individuelle repertoara til den enkelte informant. Når det er sagt, må ein sjølvsagt ta høgde for nettopp denne typen variasjon. Eg har naturlegvis ingen garanti for at informantane *alltid* snakkar slik dei gjer i samtalen med meg. Etter alt å døme gjer dei ikkje det – nettopp fordi vi alltid vil variere talen etter konteksten. Samtidig er det heller ingenting som tilseier at informantane snakkar på ein måte som er *unaturleg* eller *uvanleg* for dei i samtalane med meg.

Intervjuet som samtaleform er ikkje ukjend i vår kultur, og det er ingenting som tyder på at informantane kjende seg framandgjorde i intervjusituasjonen – sjølv om dei fleste nok syntes det var litt rart til å byrje med. Tidlegare erfaring og mi erfaring i denne samanhengen er likevel at informantane relativt fort "gløymer" at dei blir tekne opp på band, og at situasjonen blir opplevd som relativt uformell og avslappa. Den klassiske spørsmål–svar-strukturen som er typisk for intervjuforma, er det likevel svært vanskeleg å unngå. Dei krava og rettane og den fordelinga av ansvar og plikter som knyter seg til intervjuet som

samtaleform, var det heller ikkje noko stort poeng for meg å skulle prøve å bryte. Det kan heller skape unødig forvirring kring situasjonen (sjå nærare diskusjon kring dette i Røyneland 1994:62). I dei aller fleste tilfella bar likevel intervjusamtalane like mykje preg av *samtalar* som av intervju. Faktisk var eg overraska over kor opne og avslappa dei fleste av ungdomane verka. Sjølv om idealet i denne samanhengen ikkje har vore å finne fram til "det naturlege talemålet", var det likevel eit mål å få til så uformelle og avslappa intervju som mogleg – ikkje minst for å få best mogleg innblikk i informantane si livsverd, og for å få dei til å snakke mest mogleg.

Som nemnt ovafor, gjekk likevel nokre av intervjua med dei unge gutane veldig trått, og eg enda opp med å stå for det meste av snakkinga sjølv. Samtalane med dei vaksne informantane var kanskje noko "stivare", men også her kom vi raskt inn i ei relativt ledig form. Som intervjuar brukte eg latter og uhøgtidlege forteljingar for å løyse opp stemninga, og for å prøve å definere det heile som ein uhøgtidleg og uformell situasjon. Bruken av latter er framtredande i alle intervjua, men det var ikkje i utgangspunktet ein bevisst strategi frå mi side. Eg var ikkje klar over kor mykje og på kva for måte eg brukte latteren i "gjernings-augneblinken" så å seie, men dette vart svært tydeleg under transkripsjonen av samtalane.

7.1.2.3 Praktisk gjennomføring av intervjua

Intervjua gjekk dels føre seg heime hos meg (der eg budde på høvesvis Røros og Tynset), dels på skulen, på kafé eller heime hos informantane. Ønsket om å ha meir eller mindre *like* intervjuomgivnader for informantane viste seg av praktiske grunnar å vere umogleg å oppfylle. Ungdom lever ofte hektisk liv med mange aktivitetar og jobbing på kveldstid. Det var derfor ei utfordring rett og slett å finne høvelege tidspunkt for intervju. I somme tilfelle var det einaste moglege alternativet å snakke med ungdomane på skulen i skuletida, i fritimar eller like etter skulen. Både på Røros og Tynset opplevde eg svært stor velvilje blant lærarane som både tillét meg å kome inn i timane deira og i somme tilfelle let meg "stele" elevane deira.

Dei fleste intervjua var som sagt individuelle samtalar mellom intervjuar og informant, men i somme tilfelle valde eg å snakke med to og to informantar saman. Som nemnt ovafor, var somme av dei unge gutane vanskelege å få i tale, og samtalen gjekk meir eller mindre i stå. Eg fann derfor ut at det kunne vere ein fordel å snakke med desse gutane to og to, for å få dei til å prate. I enkelte tilfelle var det dessutan vanskeleg å få informantane til å stille opp åleine.

Fleire kom likevel på gli når dei kunne kome saman med ein kompis. Det gjaldt i særleg grad gutar ved yrkesfagleg studieretning (for oversyn over kven som vart intervjua individuelt og kven som vart intervjua to og to, sjå vedlegg 7.3). I og med at ikkje alle intervjusamtalane er utført på same måten, kan det ligge ein potensiell fare i at ein kan kome til å setje storleikar som ikkje kan samanliknast opp mot kvarandre. Samtidig kan ein seie at to intervjusamtalar aldri vil kunne bli heilt like. Nokre informantar opplever situasjonen som uformell og andre opplever han som formell. Ein vil aldri ha full kontroll over korleis informantane oppfattar, og dermed reagerer på situasjonen. Det er i denne samanhengen ikkje urimeleg å tru at enkelte av yrkesfaggutane opplevde intervjusituasjonen som meir formell enn dei fleste allmennfag-jentene, og at intervjusituasjonane derfor vart *meir* samanliknbare når det gjeld grad av formalitet, ved at desse gutane vart intervjua to og to. Viss det er slik også her at grad av formalitet fremjar bruk av nivellerte former, slik mange granskingar har vist, medan nærvær av medlemmar frå "inngruppa" fremjar bruk av dialektale former, oppveg truleg desse to forholda kvarandre her.

Eg prøvde ikkje å halde siktemålet med granskinga skjult for elevane, men opplyste om at eg var interessert i talemålet deira (noko dei fleste syntes var skikkeleg sært – "tenk å skrive ei avhandling om dialekt..."). Det at informantane visste at det var språk eg var interessert i, kan sjølvsagt ha påverka nokre av informantane. Men med unntak av ein informant har eg ikkje noko indisium på at dette er tilfellet (jf. nedafor). Ein annan faktor som informantane sikkert reagerte forskjellig på, er intervjuaren sitt, altså mitt, talemål – dvs. sunnmørsk. Min dialekt ligg langt frå det som måtte vere potensielle talespråklege normideal for folk på Røros og Tynset. Kontakten mellom grenseområda i aust og kysten i vest har tradisjonelt sett vore temmeleg mager. Også i dag orienterer folk i desse områda seg i svært liten grad vestover. For Røros utgjer truleg Trondheim og Oslo dei viktigaste språklege normsentra, medan Oslo er det viktigaste normsentret for Tynset. Mitt talemål representerer derfor ikkje noko umiddelbart problem i denne samanhengen. Likevel kan ein ikkje sjå bort i frå at informantane kan ha reagert noko ulikt. Enkelte informantar kommenterer t.d. talemålet mitt ved å seie at sidan eg snakkar dialekt, kjenner dei seg òg trygge på å gjere det, medan andre seier at dei snakkar "penare" saman med meg enn dei "normalt" ville ha gjort fordi eg snakkar annleis. Sjølv om mitt talemål kan ha verka ulikt – på same måte som folk opplever og reagerer språkleg ulikt på situasjonar – trur eg ikkje dette utgjer noko stort problem i denne samanhengen. Nokre av

informantane har kan hende eit meir nivellert talemål i samtalen med meg enn det dei opplever som mest "vanleg" for dei. Men det er samtidig ingenting som tyder på at dei snakkar på ein måte som er heilt uvanleg eller unormal for dei. Det talemålet dei bruker i samtalen med meg, er openbert ein del av det språklege repertoaret deira, og er etter alt å døme eit register dei også bruker i andre situasjonar. Måten dei reagerer på mitt talemål på, reflekterer altså korleis dei generelt reagerer på å snakke med folk med ein annan dialekt enn deira eigen. Graden av tilpassing og nivellering ville nok ha vore langt større om intervjuaren hadde snakka eit talemål som ligg i nærleiken av eit av dei språklege normideala for dei to områda. Men heller ikkje dette treng å representere noko metodisk problem – ein lyt berre vere klar over kva ein måler.

Eg gjennomførte også fleire gruppeintervju med ungdomar frå dei to plassane. Tanken var å kunne samanlikne desse samtalane med dei individuelle intervjua. Under gruppeintervjua prøvde eg å halde meg mest mogleg i bakgrunnen, og la ungdomane sjølve styre samtalen. Dette fungerte fint i enkelte av samtalane, men relativt dårleg i andre. I fleire av gruppe-samtalane vende ungdomane seg mest til meg, og ikkje til kvarandre. Sidan det samla materialet vart relativt stort, og sidan desse samtalane ikkje vart så vellukka som eg hadde håpa, gjekk eg ikkje vidare med transkripsjon og språkleg analyse av gruppesamtalane. Dei fungerer likevel som ei viktig kjelde til informasjon om ungdomsmiljøa på dei to plassane. Gruppesamtalane styrker dessutan oppfatninga om at mitt talemål berre i marginal grad påverka talemålet til informantane. Som deltakar i samtalane og etter å ha lytta til desse samtalane etterpå, finn eg svært liten forskjell på talemålet til ungdomane i desse samtalane og i einesamtalane med meg. Berre i eitt tilfelle har eg observert at ein av ungdomane snakka *meir* dialektnært i den individuelle samtalen enn i gruppesamtalen, noko som kan tyde på at han var bevisst på å skulle snakke "skikkeleg dialekt" i den individuelle samtalen (jf. kap. 10, pkt. 10.1.3.2). Det motsette forholdet, altså at informantane snakka merkbart *mindre* dialektnært i den individuelle samtalen enn i gruppesamtalen, har eg ikkje observert.

7.1.2.4 Spørjeskjema

I etterkant av intervjua fekk alle dei *unge* informantane tilsendt eit spørjeskjema for å supplere og utvide dei opplysningane eg fekk gjennom intervjuet. Målet med dette var blant anna å gjere ei systematisk samanlikning av informantane enklare, sidan opplysningane i spørje-skjemaet er meir strukturerte. I dette skjemaet vart informantane bedne om å svare på ei rekkje

spørsmål som gjeld haldningar, verdiar og livsstil. Dei skulle også teikne opp og vurdere det sosiale nettverket sitt, dei skulle markere sitt eige dialektområde og karakterisere dialektar andre stadar i landet, og dei vart òg bedne om å omsetje ein tekst til sin eigen dialekt, for å sjå kva for dialekttrekk som blir markerte og ikkje (jf. vedlegg 7.4).

Opplysningane frå spørjeskjemaet har bl.a. vorte brukte til å etablere ein aktivitets- og interesseprofil for den enkelte. Desse profilane har i neste omgang vorte brukte som støtte i plasseringa av ungdomane i dei ulike ungdomskategoriane bus/rånar, skule/idrett, skule/kultur og soss/skatar, og til å plassere ungdomane langs skalaene for lokal og urban orientering (jf. kap. 6 pkt. 6.2.8 og 6.2.9). Spørjeskjemaet har på denne måten vore med på å komplettere og gi eit meir utfyllande bilete av informantane. Opplysningane om det sosiale nettverket deira var på same måte med på å gi eit meir fullstendig bilete av ungdomane. Eg har likevel ikkje operasjonalisert desse nettverksopplysningane vidare, men har berre brukt det som bakgrunns-informasjon.

7.1.3 Presentasjon av informantane

Som nemnt ovafor, har eg intervju med til saman 50 unge og vaksne informantar frå Røros og Tynset. Eg har likevel ikkje brukt alle desse intervjua i den vidare analysen, men har konsentrert meg om 37 av dei, 27 ungdomar og 10 vaksne. Nedafor følgjer ein kort presentasjon av desse informantane (jf. vedlegg 7.5 og 7.6 for eit skjematisk oversyn over informantane og plasseringa deira i ulike sosiale kategoriar).

7.1.3.1 Rørosinformantane

Av dei ungdomane eg snakka med på Røros, er femten med i den vidare analysen – fem jenter og ti gutar. Dei fem jentene er alle elevar ved Røros vidaregåande skule, allmennfagleg studieretning. Dei ti gutane er også elevar ved den same skulen, men fem går på allmennfagleg og fem på yrkesfagleg studieretning. Ni av informantane kjem frå sentrum av kommunen, medan seks av dei bur i utkanten av kommunen. Fire av gutane høyrer heime blant busen, fire i soss/skatar gjengen, to jenter og ein gut i gruppa skule/kultur og tre jenter og ein gut i gruppa skule/idrett. Alle jentene plasserer seg altså i dei to mellomgruppene.

Dei fem jentene har eg kalla for *Ailin*, *Bente*, *Carola*, *Iris* og *Linn* (jf. vedlegg 7.5 for oversyn over informantnamna). Ailin og Iris er gode venninner. Begge er kulturinteresserte og

skule- og utdanningsorienterte jenter. Dei driv med og er interesserte i aktivitetar som song, film, teater, foto osb. Dei er begge positive til heimstaden, men er likevel meir orienterte mot det urbane enn mot det lokale. Ailin er veldig klar for å flytte ut av kommunen og ser ikkje føre seg ei framtid her, medan Iris er blant dei som kanskje kunne tenkje seg å flytte attende til Røros om høvet skulle by seg (meir om Iris i kap. 10, pkt. 10.1.1.1). Ailin bur inne i Bergstaden, medan Iris bur på ein plass eit stykke utafor sentrumskjernen. Begge har gått heile grunnskulen i Røros sentrum. Bente, Carola og Linn har det til felles at dei driv mykje med idrett samtidig som dei er opptekne av skule og utdanning. Eit anna fellestrekk er at dei er relativt positive til heimstaden og til dialekten, og, i motsetnad til Ailin og Iris, er dei klart mest lokalt orienterte. Ingen av dei er spesielt opptekne av urbane verdiar eller urban livsstil. Dei er tvert imot skeptiske til bylivet, og seier at dei føretrekkjer livet på bygda med tette lokale nettverk. Carola seier til dømes.


Unn: men du har ikkje lyst til Oslo da?
Carola: nei nei (LATTER) [=] ikke i det hele tatt
Unn: [nei?] koffår det?
Carola: nei je vet itt je storbyen sjkremme meg (LATTER) [[nei je]] vet itt je
Unn: [[ja]] ja
Carola: berre uvant å kjæm fra lisje Røros og (LATTER) store byen
Unn: så det er ikkje sånn [at du = du] lengte etter det? [lengte] etter store forhold
Carola: [UFF] [nei nei] nei tye nesten Trondhjem blir for stort je så (LATTER)

Carola seier vidare at ho tilhøyrer den "kjedelige" gjengen som synest at Røros er heilt flott. Ho seier samtidig at det er mange jenter som har lyst til å flytte – ikkje fordi Røros er ein fæl plass, men berre fordi det er kjekt å sjå nye plassar. Ifølgje Carola er det flest "ryssa" som tykkjer at Røros er kjedelig. Jentene er jamt over langt meir positive til bygdelivet, noko som stemmer dårleg overeins med det medieskapte biletet av kvinnetomme bygder fulle av mannlege bygdetullingar. Linn vil gjerne bli buande på Røros, medan dei to hine jentene ønskjer å flytte attende etter enda studiar. Carola har vakse opp i utkanten av Røros kommune og gjekk på barneskulen i ei anna grend, men har no flytta inn til Bergstaden. Linn og Bente er begge sentrumsjenter.

Dei fem gutane på allmennfagleg studieretning har her fått namna *Chris*, *Eirik*, *Magne*, *Sondre* og *Truls*, og dei fem på yrkesfag har fått vorte kalla for *Bjørn*, *Finn*, *Hogne*, *Trym* og *Tore*. Chris er, på same måte som Ailin og Iris, ein svært kulturinteressert gut som planlegg ei lengre akademisk utdanning (jf. kap. 10, pkt. 10.1.3.2). Han er på mange måtar positiv til heimstaden, men også kritisk og føretrekkjer det urbane bymiljøet framfor bygdemiljøet. Det

er greitt nok å vere gammal på Røros, men prosessen mellom ungdom og alderdom skal helst gå føre seg ein annan plass, ifølgje Chris. Men Chris er likevel eit døme på at ein både kan vere urbant orientert og oppteken av lokal kultur og lokale tradisjonar samtidig. For Eirik, derimot, er ikkje byen noko alternativ. Han vil bli buande på Røros og er generelt svært positiv både til heimplassen og til dialekten. Eirik er aktiv skiløpar, og bruker elles mykje tid på skulen. Både Chris og Eirik har vakse opp og bur i Røros sentrum, begge foreldra deira er frå Røros og begge kjem frå ikkje-akademiske familiar. Dei tre andre allmennfaggutane, Magne, Sondre og Truls, kan på si side knappast vente med å kome seg vekk frå Røros. Alle tre høyrer til i den såkalla sossegjengen og er gjennomgåande negative både til heimplassen og til dialekten. Magne, som har vakse opp i utkanten av kommunen, er den av dei tre som relativt sett er mest positiv til Røros. Han er heller ikkje heilt framand for tanken om å flytte attende til Røros. Denne tanken er svært fjern for dei to hine gutane. Bjørn høyrer også heime blant soss/skatar-gutane, men er gjerne ein noko meir utypisk skatar (jf. kap. 10, pkt 10.1.2.1). Han går på yrkesfagleg studieretning, bur i sentrum, kjem frå ein akademisk familie, er svært positiv til heimplassen og vil gjerne bli buande på Røros. Han er altså, som Chris, døme på eit gut som er oppteken av og orienterer seg mot både det lokale og det urbane. Dei fire siste rørosgutane, Finn, Hogne, Trym og Tore går alle på yrkesfagleg studieretning, dei ser føre seg ei framtid på Røros og dei er klart mest orienterte mot ein lokal livsstil. Fleire av dei driv med jakt og fiske, er opptekne av lokale tradisjonar og verdiar, og er generelt svært positivt innstilte til heimplassen og til dialekten. Ut frå interesser, aktivitetar og sjølvplassering høyrer alle fire heime i den kategorien ungdom som gjerne blir kalla for busen.

I figur 7.1 nedafor ser vi dei femten ungdomane plasserte i det sosiokulturelle rommet i forhold til dimensjonane haldning til heimplass og dialekt og grad av lokal og urban orientering (jf. fig. 6.1, kap. 6, pkt. 6.2.9). Tilhørsle i dei ulike ungdomsgrupperingane er også markert.



Figur 7.1 Plassering av rørosungdomane i det sosiokulturelle rommet

Dei vaksne rørosinformantane har fått namna *Ragnar*, *Stein*, *Tom*, *Anna*, *Eli* og *Gunn*. Tom og Eli er foreldra til respektive Iris og Ailin. Dei andre er ikkje foreldre til nokon av ungdomane, men representerer her foreldregenerasjonen. Dei seks er i alderen 40-55 år. Ragnar, Stein, Tom og Eli har alle akademisk bakgrunn og arbeider innafor såkalla tertiærnæringsyrke. Anna og Eli har berre ein av foreldra frå Røros, medan dei hine vaksne informantane har begge foreldra frå staden. Gunn og Tom bur i utkanten av kommunen, medan dei hine bur i sentrum.

Informantane vart, som nemnt ovafor, både intervjua individuelt og i par. I boksen ved sida av ser vi eit oversyn over kva for intervju som ligg til grunn for analysen av kvar av informantane. I somme tilfelle har eg berre brukt den eine av dei to informantane som var med i intervjuet. Nokre av informantane var både med på intervju i par og individuelle intervju. Men det er altså 30 minutt transkripsjon frå dei intervjua vi ser ovafor,

Individuelle intervju:
Ailin, Bente, Carola, Iris, Linn, Chris, Eirik, Magne, Sondre, Truls, Bjørn, Finn, Ragnar, Stein, Tom
Intervju to og to:
Hogne, Trym, Tore, Anna, Eli

som ligg til grunn for den språklege analysen av den enkelte. Når det gjeld plasseringa av dei unge informantane i ulike sosiale kategoriar og den vidare kvalitative analysen av informantane, har eg sjølvsagt brukt alt tilgjengeleg materiale – dvs. alle dei intervjua den enkelte måtte ha vore med på i tillegg til spørjeskjemaa som informantane svarte på før og etter intervjua (jf. kap. 10). Det same gjeld sjølvsagt også for Tynset.

7.1.3.2 Tynsetinformantane

Av dei ungdomane eg snakka med på Tynset, er tolv med i den vidare analysen – fem jenter og sju gutar. Fire av dei fem jentene går på allmennfagleg studieretning, og har fått namna *Åsne*, *Laila*, *Ina* og *Mia* (jf. vedlegg 7.6 for oversyn over informantnamna). Ingen av dei fire planlegg ei framtid på Tynset, men for Laila er det ikkje heilt utenkjeleg å skulle flytte attende til bygda. Pussig nok er ho den einaste av jentene som er klart mest urbant orientert (meir om Laila i kap. 10. pkt. 10.2.1.2). Dei hine jentene stiller seg meir nøytrale til spørsmålet om lokal og urban orientering. Laila er plassert blant sossen, medan dei tre andre jentene høyrer heime i idrettsgjengen. Laila og Ina kjem begge frå akademiske familiar og har vakse opp på tynsetbyen, medan Åsne og Mia kjem frå utkanten av Tynset kommune, respektive Tylldalen og Fåset, og kjem frå ikkje-akademiske familiar. Åsne er den einaste av dei fire jentene som har ei klart positiv innstilling til heimplassen og dialekten. Dei andre jentene uttrykkjer seg anten negativt eller nøytralt. Den femte jenta, *Ane*, går på yrkesfagleg studieretning. Ho kjem frå ein ikkje-akademisk familie i utkanten av kommunen. Ane er klart negativ til byen og det urbane og tydeleg positiv til det lokale og rurale. Ho er den einaste av jentene som vil bli på Tynset og ho er den einaste jenta som har mest til felles med rånarane. Ane er dessutan positivt innstilt både til heimstaden og dialekten (jf. meir om Ane kap. 10, pkt. 10.2.1.1).


Fem av dei sju gutane frå Tynset går på allmennfagleg studieretning. Dei har fått namna *Arne*, *Gunnar*, *Hans*, *Kåre* og *Ola*. Av dei fem er det berre Gunnar som er fast bestemt på å busette seg på Tynset. Gunnar har planar om å ta over familieføretaket, men vil først ut nokre år for å studere. Han er ingen typisk rånar, men er likevel plassert i denne gruppa fordi aktivitets- og interesseprofilen hans samsvarar best med denne gruppa. Gunnar mekkar bilar, er oppteken av lokalkultur og er glad i naturen rundt Tynset. Samtidig klagar han, som dei andre tynsetungdomane, på at det er lite å finne på Tynset og at det er ein kjedeleg plass. Byen og ein meir urban livsstil er likevel ikkje noko alternativ for Gunnar. Begge foreldra hans er

frå Tynset, og har sine arbeid innafor ikkje-akademiske yrke. Ola og Hans kjem derimot begge frå akademiske familiar der berre ein av foreldra er frå tynsetområdet. Begge er skuleflinke idrettsgutar som tenkjer seg ut for å studere. Ola ser ikkje føre seg at han skal attende til Tynset, medan Hans ikkje er heilt framand for tanken. Begge gutane stiller seg meir eller mindre nøytrale til dialekten og til heimstaden, og er både eller korkje spesielt lokalt eller urbant orienterte. Det same gjeld for sossegutane Kåre og Arne, men dei er likevel begge negative til tynsetdialekten. Arne er den av dei to som er mest negativt innstilt til heimplassen, og som aldri kunne tenkje seg å busette seg på Tynset. Arne er samtidig den einaste av gutane som kjem frå utkanten av kommunen. Han kjem dessutan også frå ein ikkje-akademisk familie. Arne er dermed eit døme på at sosial bakgrunn, gruppetilhørsle og orientering ikkje nødvendigvis heng saman på den måten ein kunne vente. Sossen er nok oftast urbant orientert ungdom frå akademikarfamiliar og rånarane lokalt orienterte frå ikkje-akademiske heimar. Men det er altså også tydeleg at det har skjedd ei større frikopling med omsyn til familie-bakgrunn slik at ungdom står meir fritt til å velje og ikkje automatisk tek over verdiar, normer og språk frå foreldra. Kåre på si side kjem frå ein typisk høgstatusfamilie, og er nok i langt større grad prega av foreldras haldningar, verdiar og språk. Han seier til dømes:

> Unn: ditt eige =e= dit- din eigen dialekt då korleis vil du beskrive den?
> Kåre: jæi vil ikke si jæi har noe spesi'ell dial'ekt =e= foreldra mine snakker heller ikke noe dial'ekt så = jæ har aldri blitt oppdratt til å snakke-- eller jæi har aldri hørt noe dial'ekt heller så = aldri blitt lært til å snakke det [=] anna enn klassekamerater og sånn da og det =

Far til Kåre er vel å merke frå tynsetområdet, og mora frå ein annan plass litt lenger sør i Østerdalen. Dei to yrkesfaggutane Varg og Bo representerer eit meir tradisjonelt eller klassisk mønster. Dei er begge positive til heimplassen, dialekten og den lokale livsstilen. Byen og det urbane er ingenting for dei. Begge kjem frå ikkje-akademiske familiar busette på tynsetbyen, dei planlegg yrkesutdanningar som gjer det mogleg å flytte attende til Tynset, og dei høyrer begge heime blant rånarane. Ein av dei tinga som likevel skil dei to gutane frå kvarandre, er at begge foreldra til Varg er frå tynsetområdet, medan Bo har innflyttarforeldre.

I figur 7.2 nedafor ser vi dei tolv tynsetungdomane plasserte i det sosiokulturelle rommet i forhold til dimensjonane haldning til heimplass og dialekt og grad av lokal og urban orientering (jf. fig. 6.1, kap. 6, pkt. 6.2.9). Tilhørsle i dei ulike ungdomsgrupperingane er også markert.



Figur 7.2 Plassering av tynsetungdomane i det sosiokulturelle rommet

Dei vaksne tynsetinformantane har fått namna *Alva*, *Ask*, *Njål* og *Oskar*. Njål er far til Gunnar og Oskar er far til Ola. Dei to hine representerer foreldregenerasjonen men er ikkje foreldre til nokon av ungdomane her. Alva kjem frå utkanten av Tynset kommune – frå Tylldalen, medan dei hine er frå og bur i sentrum. Med unntak av Njål arbeider dei vaksne innafor akademiske yrke. Njål, derimot, har eit såkalla ikkje-akademisk yrke innafor sørvissektoren.

Også på Tynset vart nokre informantar intervjua individuelt og andre i par. I boksen ved sida av ser vi eit oversyn over kva for intervju som ligg til grunn for analysen av kvar av informantane. I somme tilfelle har eg berre brukt den eine av dei to informantane som var med i intervjuet. Nokre av informantane var både med på intervju i par og individuelle intervju. Det som ligg til grunn for den språklege analysen av den enkelte, er kring 30 minutt transkripsjon frå dei intervjua vi ser her.

Individuelle intervju:
Åsne, Laila, Ina, Mia, Ane, Gunnar, Kåre, Ola, Alva, Njål
Intervju to og to:
Arne, Bo, Hans, Varg, Ask, Oskar

7.2 Transkripsjon, ekserpering og koding

Under dette punktet vil den vidare handsaminga av rådata skildrast. Vegen frå rådata til data har i dette tilfellet vore ganske omfattande og omstendeleg. Det digitale talemålsmaterialet har ikkje berre vorte transkribert i tradisjonell forstand, men har også vorte merka morfologisk og prosodisk, tidskoda og kopla attende til dei originale akustiske opptaka. Ideen om å kople den digitale lyden og den transkriberte teksten kom frå Gjert Kristoffersen, leiaren for pilotprosjektet Norsk talemålskorpus (seinare prosjektet Talesøk).[83] Målet for Norsk talemålskorpus/Talesøk var nettopp å utvikle ein metode for å søkje etter språkstrukturelle trekk i digitale innspelingar av norsk talemål. Transkripsjon og kopling til lyd på denne måten er av stor nytte både i sosiolingvistisk og språkstrukturell forsking, fordi ein raskt og effektivt har tilgang på ei stor mengde fonologiske, morfologiske, leksikalske og syntaktiske trekk ved det munnlege materialet ein granskar.

Kristoffersen sette meg i kontakt med samarbeidspartnaren sin, Knut Hofland ved HiT-senteret (no AKSIS Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi) ved Universitetet i Bergen. Hofland har utført sjølve koplinga mellom tekst- og lydfiler. Han har også, i tett dialog meg, utvikla eit søkeskjema for ekserpering, eit eige system for koding og eit enkelt statistikksystem for vidare analyse – alt spesialsydd for granskinga av røros- og tynset-materialet. Utviklinga av dette systemet har vore ein temmeleg omfattande og tidkrevjande prosess. Mitt prosjekt kom inn i ein relativt tidleg fase av prosjektet Talesøk, og har såleis utvikla seg meir eller mindre parallelt med dette.

Det søkeskjemaet (jf. vedlegg 7.7) Hofland utvikla for vidare handsaming av røros- og tynsetmaterialet, byggjer i hovudsak på dei same prinsippa som var lagt til grunn i prosjektet Talesøk. Ideen her er altså at ein transkripsjon av den digitale lyden skal fungere som eit effektivt og robust søkeverktøy. Søkeskjemaet er tilgjengeleg via ein nettlesar (t.d. Internet Explorer), og det skriftlege materialet er også søkbart via nettet. Eit søk i transkripsjonen på grunnlag av eit gitt sett av kriterium vil gi konkordanslister med alle dei tekststrengane som tilfredsstiller desse kriteria, i tillegg til eit minimum av kontekst. Ein kan sjølv velje kor stor

[83] Norsk talemålskorpus var eit pilotprosjekt som hadde som mål å utvikle og teste metodar som gjer det mogleg å byggje opp digitaliserte, søkbare talemålskorpus. Norsk talemålskorpus starta i 1999 med ei løyving frå L. Meltzers høyskolefond, som finansierte eit eittårig utviklingsprosjekt, og har sidan halde fram som prosjektet Talesøk. Dette prosjektet er et samarbeidsprosjekt mellom AKSIS (Avdeling for kultur, språk og informasjons-

del av konteksten ein vil ha med før og etter det aktuelle tilslaget (jf. vidare skildring av søkeskjemaet under pkt. 7.2.2). Etter eit søk i materialet kan ein spele av den aktuelle lyden til dei enkelte konkordanslinene. Frå tekststrengane kan ein altså gå direkte til dei korresponderande passasjane i dei digitale innspelingane og hente dei fram som lydfiler (Mp3 eller Wav-filer) som ein anten kan analysere og kode auditivt, eller laste inn i akustiske analyseprogram (t.d. PRAAT jf. kap. 8, pkt. 8.2.1).

7.2.1 Transkripsjon

Transkripsjon betyr å overføre eit materiale frå ei munnleg til ei skriftleg form. Den skriftlege forma som ligg føre når teksten er transkribert, vert òg kalla for ein transkripsjon. Omgrepet transkripsjon syner på den måten både til ein prosess og eit produkt. Arbeidet med å gjere eit munnleg datamateriale tilgjengeleg i skriftleg form er ikkje ein enkel og mekanisk prosess, men snarare ei omsetting og ei tolking av materialet. Transkripsjonsprosessen inneber ei redigering av teksten der nokre element blir valde ut og framheva, medan andre element blir neglisjerte (jf. Adelswärd 1990:56). Det er med andre ord umogleg å unngå subjektiv tolking. Samtidig vil for mykje tolking føre til at transkripsjonen blir upåliteleg.

Det finst mange ulike system for transkripsjon, som kvar er utvikla for å stette ulike behov.[84] Innafor prosjektet Talesøk har ein utvikla ei svært detaljert transkripsjonsrettleiing. Eg har på visse punkt latt meg inspirere av denne rettleiinga, men det har av fleire grunnar ikkje vore aktuelt å følgje henne til fulle. For det første kom eg i gang med å transkribere mitt materiale dels før og dels parallelt med at Talesøk utvikla si rettleiing. For det andre har det av omsyn til dei kontraktane som blei inngått med den enkelte informant og avtalane med NSD og deira krav og reglar vedrørande personvern, ikkje vore mogleg å inkludere mitt materiale i Talesøk. Dermed har eg altså berre *delvis* følgt opplegget til Talesøk.[85]

Ein transkripsjon kan vere meir eller mindre detaljert, alt etter kva for presisjonsnivå som er nødvendig for den aktuelle analysen. Eit hovudspørsmål når ein ønskjer å gjere eit

---

teknologi) i Unifob og forskarar ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Meir informasjon om prosjektet Talesøk er å finne på denne nettadressa: http://www.hf.uib.no/i/Nordisk/talekorpus/Hovedside.htm

[84] Deborah Schiffrin (1994:422-433) gjev eit oversyn over fire ulike transkripsjonssystem. Det er transkripsjons-modellane til DuBois (1991), Jefferson (1979), Schiffrin (1987a) og Tannen (1989a). (For detaljerte referansar sjå Schiffrin 1994).

[85] Transkripsjonsrettleiinga for prosjektet Talesøk er å finne på følgjande nettadresse: http://www.hf.uib.no/i/Nordisk/talekorpus/Transkripsjonsveiledning.htm

talespråkleg materiale tilgjengeleg for vitskapleg analyse, er derfor kva ein er interessert i å undersøkje. Den mest vanlege framgangsmåten når ein skal overføre eit innspelt materiale til skrift, har vore å transkribere materialet fonetisk eller fonologisk. Dette har ikkje vore nødvendig i denne samanhengen i og med at tekstfilene og lydfilene har vorte kopla saman og lagt til rette for vidare analyse. I mi gransking har eg i hovudsak valt å transkribere ortografisk i den målforma som til ei kvar tid ligg tettast på talemålet til informanten.[86] Det vil seie at transkripsjonen på dei fleste område er i samsvar med ei av dei to standardiserte skriftmåls-normene. I praksis har informantane sin tale oftast vorte transkribert til bokmål og min tale til nynorsk. Når det gjeld teiknsetjing, har eg berre brukt komma, punktum og spørsmålsteikn. Teikna har vorte brukt etter vanlege skriftspråkskonvensjonar. I mange tilfelle er det likevel ikkje like klart *kvar* ein bør setje komma og punktum i ein talestraum, så her må det skjønnsmessige vurderingar til. Spørsmålsteikn blir brukt der det er klart ut frå intonasjonen at det er eit spørsmål. Ein slik ortografisk transkripsjon kan seiast å vere ein mellomting mellom ein fonetisk transkripsjon og ei omsetting av eit innhald frå tale til skrift.

Poenget med å transkribere ortografisk er å kunne søkje ut aktuelle språktrekk – fonologiske, morfologiske eller leksikalske på ein mest mogleg enkel og effektiv måte. Det har vore heilt avgjerande at språktrekk av interesse, som ikkje skulle kodast på andre måtar, måtte få ei mest mogleg homogen form. Bestemt form fleirtal av substantiv har t.d. vorte transkribert med endinga *-ene*, uavhengig av kva for form informantane faktisk bruker. På denne måten kan ein i etterkant på ein enkel måte søkje ut alle aktuelle substantiv i bestemt form fleirtal i søkeskjemaet ved å be om alle ord som endar på *-ene*. På same måte har alle førstepersonspronomen vorte transkriberte med standard bokmålsforma *jeg* uavhengig av om informantane seier *je, æ, ei* eller *jæ* (jf. pkt. 7.2.2). Transkripsjonen skil seg likevel frå vanleg normalortografi på ein del punkt. Det gjeld til dømes markeringa enkeltleksem som ikkje finst i nokon av dei to målformene (t.d. *kjøle artutt*, *sjø*, *ryssa*).

[86] I Talesøk er retningslinene for transkripsjon at ein skal halde seg til *ei* av dei to skriftspråksnormene for at tekstane skal kunne gjerast til gjenstand for automatisk morfologisk analyse – såkalla tagging. Sidan eg ikkje har hatt noko ønske om å tagge materialet automatisk, men har tagga transkripsjonane manuelt, har det ikkje vore noko problem å bruke begge skriftmålsformene i ein og same tekst.

Transkripsjonsfilene er bygd opp som såkalla SGML-dokument.[87] Det vil seie at dei inneheld ein heil del metainformasjon om seg sjølve som gjer det mogleg å prosessere filene vidare i andre program. Til kvar transkripsjon er det knytt eit såkalla hovud (*header*) som gir ulike opplysningar om dokumentet; t.d. kven som er med i samtalen, informantkode og namn, informantens fødselsår, kjønn, dialekt og kva tid i innspelinga transkripsjonen startar og sluttar. Det sistnemnde er viktig informasjon for koplinga mellom transkripsjon og lydfiler. Opplysningane i hovudet blir organisert i ein database slik at ein kan søkje på ulike kriterium som t.d. alder, kjønn, dialekt osb. Etter hovudet kjem kroppen (*body*) – dvs. sjølve transkripsjonen (jf. eksempeldokumentet i vedlegg 7.8).

Delar av materialet har også vorte koda med såkalla SGML-taggar. Dei trekka som har vorte koda, er slike som det elles ville vere svært vanskeleg å søkje ut av dei ortografiske transkripsjonane. Det å finne tak i ulike konsonantsamband, diftongar eller ulike bøyingsendingar er ikkje noko problem når desse har fått ei homogen form, men å finne tak i alle sterke verb i presens eller alle importord som potensielt kan ha trykket på første staving, er derimot langt meir problematisk. Desse trekka har derfor vorte merka slik at dei sidan lett kan søkjast ut via søkeskjemaet (jf. pkt. 7.2.2). Dei språktrekka som har vorte merka på denne måten, er presens av sterke og svake verb, sterke supinumsformer, infinitivar og importord.[88]

I boksen nedafor ser vi ei rettleiing for transkripsjonen av dei språklege variablane som har vore aktuelle i denne granskinga. I dette oversynet går det fram kva for kodar dei språktrekka som har vorte merka, har fått, og kva for spesifikasjonar som har knytt seg til transkripsjonen av resten av språktrekka. I og med at dei trekka som har vorte tagga, vil bli plukka ut ved eit eventuelt søk uavhengig av form, har det ikkje vore så viktig å halde seg til ei og same form her. Dermed vil ein t.d. kunne finne ei supinumsform som *vært* transkribert etter bokmålsstandarden, men også med dialektformene *vorre* eller *vørre*.

---

[87] SGML er ei forkorting for Standard Generalized Markup Language, og er ein internasjonal standard for merking av tekster der målet er å bygge tenester som gir tilgjengeleg, brukande og prossesserbar informasjon. Det sentrale ved SGML er sjølve merkinga av informasjon og dokument, medan den vidare handsaminga av informasjonen for ulike formål ligg utafor SGML sitt verkeområde. SGML er ikkje eit kodespråk i vanleg meining. Det er meir eit metaspråk som definerer begrepsapparat og grammatikk som blir brukt til å utvikle forskjellige språk eller kodebøker som kan brukast til å skildre ulike dokumenttypar.

[88] I tillegg til desse vart også svake femininum av jamveksttypen i ubestemt form eintal og fleirtal merka med <F></F>, og svake maskulinum av jamvektstypen i ubestemt form eintal og fleirtal merka med <M></M>. Det viste seg likevel å vere for få tilslag på desse formene til at det var tenleg å ta dei med. Eg valde derfor å konsentrere meg om dei historiske jamvektsinfinitivane (jf. kap. 6, pkt. 6.1.6).

Transkripsjonsgaid

S-PAL Uttalen av *s* framfor *k*	ortografisk BM
A-PAL Lange alveolarar og alveolarsamband	ortografisk BM
MON Monoftongering av *ei*	diftong også der det er valfritt i BM *veit, heim*
NEG Nektingsadverbial i trykksvak stilling	ortografisk BM *ikke*
TRYKK Trykkplassering i importord	tagg <T></T>
JAM Jamvekt og jamning	tagg <I></I>
APOK Apokope i tostavingsord	ortografisk BM
BFPL Bestemt form fleirtal av substantiv	ortografisk BM *-ene*
UFPL Ubestemt form fleirtal av substantiv	ortografisk BM *-er*
PRES.ST Presens sterke verb	tagg <E></E>
PRES.SV Presens svake verb	tagg <A></A>
SUP Supinum av sterke verb	tagg <S></S>
PERS.1 Personleg pronomen 1. pers sg. subj.form	ortografisk BM *jeg*
PERS.3 Personleg pronomen 3. pers pl. subj.form	ortografisk BM *de*
K/KV/H Spørje- og resiproke pronomen	ortografisk BM *hv*

For å få kopla tekststrengen med lydstrengen har transkripsjonane vorte tidskoda. Dette er gjort ved å setje eit grindmerke# rett på ordet for kvart tiande sekund. Til dette, og til transkripsjonen, har programmet VoiceWalker vorte brukt.[89] Kvart av intervjua var på mellom 60 og 90 minutt, men eg har berre transkribert om lag 30 minutt frå kvar samtale. Desse 30 minutta er valde ut nokså mekanisk. Transkripsjonane startar stort sett ein ti-femten minutt uti intervjuet, slik at samtalen har kome i gang, og held fram til det har gått 30 minutt.

Som nemnt i pkt 7.1.2.1 er eg ikkje berre interessert i *korleis* informantane uttalar ulike språktrekk, men også i *kva* dei seier. Intervjuet har såleis ein dobbel informasjonsverdi. Transkripsjonane er dermed både interessante for å søkje ut aktuelle belegg, men også for å hente ut direkte sitat frå dialogen. Desse sitata blir særleg brukte i den kvalitative analysen, men også elles i avhandlinga for å kaste lys over og illustrere ulike problemstillingar. Kravet til dei originale transkripsjonane, der den språklege produksjonen står i fokus, og til sitat-transkripsjonane der innhaldet er det vesentlege, er som vi skal sjå noko ulikt. Målet med

[89] Intervjusamtalane vart først spelt inn på minidisk og så overført til cd-plater. Den digitale lyden vart overført som wav-filer frå cd-en til internminnet på maskinen via programmet AudioGrabber. Deretter vart lydfilene importert i VoiceWalker, som altså både har vorte brukt til sjølve transkripsjonen og til tidskodinga. VoiceWalker har ein funksjon der ein kan få lydfilene spelt av gradvis og i repeterande sekvensar. Ein kan sjølv avgjere kor lange lydstrengar ein vil spele av i gongen, og kor mange gonger programmet skal gjenta den same strengen før han går ein bit framover i lydfila. På det tidspunktet då dette arbeidet vart gjort, var dette den beste tilgjengelege programvara. Seinare har det vorte mogleg å bruke PRAAT til dette arbeidet.

sitattranskripsjonane har vore at dei skulle vere mest mogleg lesarvennlege, samtidig som dei skulle reflektere den munnlege dialogen på ein mest mogleg realistisk måte.

Ei ortografisk attgiving av det munnlege materialet inneber at ei rekkje ord inneheld grafiske markeringar som ikkje korresponderer med uttalen i nokon av dei aktuelle varietetane. Som vi har sett, har det vore nødvendig å standardisere delar av transkripsjonen mest mogleg for lettare å kunne søkje ut aktuelle belegg i etterkant. I det som blir brukt som dialogsitat, har eg likevel prøvd å leggje meg noko tettare opp til det informantane og intervjuaren faktisk seier. Det som står referert i teksten som sitat, ser såleis annleis ut enn i dei originale transkripsjonane. Her vil det t.d. stå *je*, *itt*, *kelles* og *bilan* viss informanten bruker desse variantane, og ikkje *jeg*, *ikke*, *hvordan* og *bilene* – som i dei originale transkripsjonane. Men eg har ikkje markert ulike fonologiske trekk som t.d. palatalar, tjukk l osb. Med alle SGML-taggar og tidskodar, er ikkje den originale transkripsjonen direkte lesarvennlege. I sitata er derfor alle slike kodar fjerna. Eg har også fjerna typiske skriftteikn som punktum, komma og store bokstavar i byrjinga av ord. Bakgrunnen for dette er at teksten skal bli meir autentisk munnleg. Eg bruker dessutan dei fiktive namna i staden for initialar som informant-kode.

Etter DuBois m.fl. (1990:5), kan ein skilje mellom transkripsjon og analyse på følgjande måte: 1) alt ein må lytte til lydbandet for å markere, er transkripsjon, 2) alt ein kan markere utan å lytte til bandet, er analyse. Indeksering eit døme på transkripsjon, medan markering av makrosyntagme eit døme på analyse. Det kan ofte vere vanskeleg å dra klare liner mellom kva som er analyse og kva som er transkripsjon. Nokre former for segmentering av talestraumen (t.d. inndeling i ord, intonasjonseiningar og taleturar) og plassering av pausar, ligg i grenselandet mellom transkripsjon og analyse, og er døme på analyseoppgåver som stort sett skjer parallelt med transkripsjonen. Indeksering vil seie at ein identifiserer og markerer dei ulike kommunikasjonsdeltakarane. I mine intervju er det to eller tre deltakarar i kvar samtale. Samtalane er transkriberte i partiturform og deltakarane er identifiserte ved bokstaven I for intervjuar og initialar for informant. Men når eg siterer informantane, har eg som nemnt valt å identifisere og skilje dei frå kvarandre ved å nytte dei fiktive namna. I sitata blir både informanten sin tale og eventuelle spørsmål, kommentarar eller innskot frå intervjuaren referert, sidan ein fyldigare reproduksjon gir eit betre analysegrunnlag for den kvalitative analysen.

I motsetnad til det som er konvensjonen i Talesøk, er enkelte paralingvistiske og prosodiske trekk og overlappande tale markert i transkripsjonen.[90] Markeringa av desse trekka er i stor grad knytt til analyse og tolking. Målet med å markere slike trekk, er å registrere utomspråklege element som har ein funksjon og som er meiningsberande i dialogen. For å forstå kva som skjer i ein samtale, har desse ikkje-verbale signala avgjerande verdi. I den kvalitative analysen har eg likevel i liten grad freista å tolke dei ulike utomspråklege elementa. Markeringane er først og fremst tekne med for å gi eit meir realistisk bilete og ei meir korrekt etterlikning av den munnleg dialogen. Dei ikkje-verbale signala eg har valt å markere er: latter, pause, pauselydar og tilbakekanaliseringar. Dessutan har eg også markert overlappingar mellom talarane. Prosodiske trekk som trykk, tonem og intonasjon er ikkje markert, men når eg siterer informantane, er trykkplassering i importord markert. Eg valt å kombinere symbol frå fleire ulike transkripsjonssystem, mellom anna systemet i TAUS (jf. Hanssen 1978:20-30) og i DuBois m.fl. (1990).

Oversyn over transkripsjonssymbol

Einingar		
Avbrote ord:	-	(ein kort strek)
Avbrote makrosyntagme:	- -	(to korte strekar)
Talarar		
Identifisering i transkripsjonen:	STORE BOKSTAVAR (initialar)	
Identifisering i sitat:	Fiktive personnamn	
Identifisering av intervjuar:	I i transkripsjonen og mitt eige namn i sitata	
Nokre prosodiske drag		
Kort og normallang pause:	=	(eit likskapsteikn)
Ekstra lang pause:	= =	(to likskapsteikn)
Kort pauselyd:	=e=	
Lang pauselyd:	=ee=	
Trykk	’	(i sitata, er tagga i transkripsjonen)
Nokre paralingvistiske drag		
Latter:	LATTER ( ) i sitata, < > i transkripsjonen	
Uskjønleg tale	UFF ( ) i sitata, < > i transkripsjonen	
Overlappingar	[ ] og [[ ]]	
Tekstkommentarar	STORE BOKSTAVAR) ( ) i sitata, < > i transkripsjonen	

[90]Etter Linell (1982:19) omfattar paralingvistisk kommunikasjon “ljud, ansiktsuttryck, gester mm som ackompanjerar och kompletterar den verbala kommunikationen och därför uppträder samtidigt med talet”.

I boksen ovafor ser vi eit oversyn over dei ulike transkripsjonssymbola som blir brukte. Symbola som er brukte i dialogsitata er også presenterte i byrjinga av avhandlinga. Kommentarar til teksten blir sett innafor hakeparentes i transkripsjonen, men innafor vanleg parentes i sitata. Pause og pauselydar blir også sett innafor hakeparentes i transkripsjonen, men står utan parentes i sitata. I den kvalitative analysen, og elles når eg siterer informantane, har eg somme tider valt å *kursivere* delar av teksten. Dette er ikkje eit forsøk på å markere para- eller ekstralingvistiske signal, men på å utheve særleg interessante innhaldselement. (I vedlegg 7.8 ser vi eit eksempel på korleis den same teksten ser ut i ein tagga SGML-transkripsjon og i sitatform).

Prinsippet med å kople tekstfilene og lydfilene betyr at materialet ikkje blir "lukka", slik tilfellet er ved meir tradisjonelle transkripsjonar. Men trass i tilgang til den originale lyden er det også her avgjerande at skriftfestinga av rådata er så uttømande og nøyaktig som mogleg, og at ein unngår for stor grad av subjektiv tolking. Ei åtgjerd for å unngå dette, er å la fleire personar lytte gjennom materialet.

Det munnlege røros- og tynsetmaterialet har vorte gjennomlytta og transkribert av ein assistent, men eg har også sjølv lytta til materialet og gått gjennom transkripsjonane fleire gonger.[91] Erfaringsmessig er transkripsjon ein del av forskinga det både er mogleg og tenleg å få assistanse til. Når forskaren har utarbeidd ein transkripsjonsinstruks, er sjølve arbeidet relativt enkelt, men det krev stor nøyaktigheit og nok tid. Som nemnt er det dessutan ønskeleg at meir enn ein person er involvert i transkripsjonsarbeidet fordi ein då får ein ekstra kontroll av materialet, og lettare får luka vekk eventuelle feil. Samtidig er det viktig å ikkje setje vekk alt dette arbeidet, men også sjølv gå aktivt inn i transkripsjonsprosessen for å få ein nærleik til og betre forståing av materialet.

Fleire grundige gjennomlyttingar vil oftast redusere graden av usikre subjektive tolkingar, men det ligg sjølvsagt ein fare i at "ein kan lytte seg døv". Det vil seie at ein ikkje lenger er i stand til å høyre kva som faktisk blir sagt. I visse høve har eg derfor latt "friske

[91] Eg hadde to forskarassistentar som hjelpte til med å transkribere ulike delar av materialet. Hanne Haugli transkriberte ti av tynsetintervjua (til saman 90 timar), medan Gunnhild Tomter transkriberte resten av intervjua (dvs. seks tynsetintervju og 21 rørosintervju, til saman om lag 220 timar). Begge assistentane var cand. philol. med nordisk hovudfag og hadde erfaring med transkripsjon frå eigne arbeid. Eg gjekk også nøye gjennom intervjua samtidig med assistentane og fleire gonger i etterkant. Som nemnt i forordet, fekk eg midlar til å lønne transkripsjonshjelp frå Nansenfondet, Jørgen Reitans legat, Didrik Arup Seips fond, Nordvestlegatet Ulstein kommune, TEIN, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, UiO. Stor takk til alle desse!

øyre" lytte til opptaka for å korrigere mine eigne tolkingar. Det gjeld i særleg grad ved kodinga av materialet (jf. pkt. 7.2.2 nedafor).

Materialet består totalt av om lag 18 timar ferdig transkribert, tagga og tidskoda materiale, som er kopla til dei korresponderande digitale innspelingane.

7.2.2 Ekserpering og koding

Ved hjelp av søkeskjemaet (sjå vedlegg 7.7) som har vorte utvikla i samarbeid med Knut Hofland ved HiT, UiB, har det vore mogleg å søkje ut dei orda som har vorte morfologisk merka (jf. pkt. 7.2.1). Ein kan i tillegg søkje ut heile ord og lydkombinasjonar som er del av ord anten uavhengig av kvar dei førekjem i ordet, eller avgrensa til slutten eller byrjinga av ord. Ein kan til dømes søkje på *sk*-sambandet ordinitialt og lage eigne filer for *sk* i denne posisjonen, og på liknande måte når *sk* står midt inni ordet og til slutt i ordet. Det vil seie at ein opprettar tre ulike filer per informant for denne variabelen. Ideen bak ei slik oppdeling, er at ein skal kunne ha høve til å sjekke om nivelleringa av ein gitt variabel går føre seg på same måten i alle posisjonar (jf. pkt. 7.2.2.1 nedafor). På same måte kan ein søkje ut og lage fleire separate filer for palatalisering av alveolarar: *n* i sambanda *nn*, *nd*, og *nt*, *l* i sambanda *ll*, *ld*, og *lt*, og *dd* og *tt*. Desse filene kan i neste omgang slåast saman på gruppenivå slik at ein får ei fil for *n,* ei for *l*, ei for *t* og ei for *d*. Desse fire filene kan igjen slåast saman slik at ein får ei fil for heile variabelen samla (jf. pkt. 7.2.2.2). Det er også mogleg å søkje på ord i bestemte kontekstar. I søkeskjemaet finn eit søkefelt for ord1, ord2 og ord3. Viss ein t.d. skulle vere interessert i uttrykket "*ikke sant*" eller i frasen "*vet ikke jeg*", kan ein føre opp dei ordkombinasjonane ein er ute etter i dei respektive søkefelta.

Alle variablane har vorte søkte ut på informantnivå. Det vil seie at det har vorte laga eigne filer for kvar informant ved kvar variabel. Som nemnt ovafor har nokre variablar i tillegg vorte delte opp i fleire underkategoriar. Ved ein variabel kan ein såleis ha ei rekkje filer per informant. Ved variabelen S-PAL er det t.d. tre filer per informant (jf. pkt. 7.2.2.1). Desse filene kan igjen slåast saman til ei samla fil per individ og vidare til ei fil per stad og vidare ei fil for alle informantane på begge plassane. Dei filene som inkluderer heile variabelen og alle informantane har fått nemningane T+R+variabelkoden (t.d. T+R-S-PAL).

Nokre av variablane har vore relativt uproblematiske å ekserpere, medan andre har kravd større innsats. Når ein søkjer etter visse vokal- eller konsonantsamband, vil ein som oftast få

ein del rusk med på kjøpet. For å kunne luke ut dette, får ein først opp eit skjema der ein kan krysse ut dei tilslaga som ikkje er relevante belegg for den aktuelle variabelen. Ved å oppdatere fila får ein så opp eit nytt skjema – eit kodingsskjema – der ein kan gå inn og lytte til kvar førekomst for så å kode denne. Også ved gjennomlyttinga har det vore nødvendig å fjerne enkelte tilslag – anten pga. feil i transkripsjonen (t.d. fjerna eg svært mange *enn* – her sa informantane faktisk *hell* og ikkje *enn*), fordi informanten siterer, eller fordi tilslaga av andre grunnar ikkje kan reknast som belegg. Potensielle belegg som finst i metalingvistiske merknader, det vil seie i kommentarar som gjeld særskilde former eller merknader om eige eller andres språk, er ikkje rekna med. Men den informasjonen informantane kjem med når det gjeld særskilde språkdrag eller eige språk, blir handsama i andre delar av analysen (jf. kap. 6 og 10). Tilslag som ikkje er moglege å avgjere pga. dårleg lydkvalitet, overlapping eller utydeleg tale, har fått ein eigen kode (U for uforståeleg), og er altså ikkje fjerna frå materialet slik "rusket" er det. Dei har heller ikkje vorte rekna med i den vidare statistiske handsaminga av variabelen. Det er likevel mogleg å få opp tal på kor mange belegg av kvar variabel som var uforståelege.

Etter å ha gått gjennom konkordanslistene og sletta dei tilslaga som ikkje kan reknast som belegg, får ein som sagt opp eit kodingsskjema. Klassifiseringa og kodinga av materialet har vorte utført etter to ulike hovudstrategiar – anten ved hjelp av to kodar (*lokal* variant kontra *nivellert* variant) eller ved å dele opp i fleire kodar (*lokal* variant, *regional* variant, *mellomvariant* og *standardvariant*). Ved dei variablane der det *ikkje* er mogleg å skilje mellom standardvarianten og den regionale varianten, pga. form- eller lydsamanfall, har eg valt å kalle denne for nivellert variant (N) i motsetnad til den lokale dialektvarianten (L). Ved dei variablane der ein *kan* skilje mellom ein standardvariant (S), ein regional variant (R) og ein lokal variant (L), blir dette gjort. Dersom ein finn variantar som korkje er standard, regionale eller lokale, men noko midt i mellom, blir desse klassifiserte som mellomvariantar (M). I dei tilfella der det ikkje er mogleg å oppfatte kva for ein variant som blir brukt, blir variabelen klassifisert som uforståeleg (U), og fell utafor analysen. Metakommentarar, sitat og tilslag som av andre grunnar ikkje kan reknast som belegg, blir markert med x og blir fjerna frå kodingsskjemaet.

L	Lokal dialektvariant
N	Nivellert variant
R	Regional dialektvariant
S	Standardvariant
M	Mellomvariant
U	Uforståeleg

Kodane R, S og M vil i neste omgang kunne slåast saman til "overkategorien" N (nivellert variant). Både horisontal dialekt–dialekt nivellering, representert ved kodane R (og M), og vertikal dialekt–standard nivellering, representert ved kodane S (og M), er former for nivellering som teoretisk sett fell under den meir overgripande kategorien dialektnivellering (jf. kap. 3). For å kunne skilje mellom nivellerte variantar der R og S er like, og variantar der det er mogleg å splitte opp i S og R, vil den første varianten bli koda N1, medan den samanslåtte kategorien får koden N2. Dei to kodane vil i neste omgang kunne slåast saman i kategorien N sidan dei begge gir mål på graden av dialektnivellering uavhengig av om denne er horisontal eller vertikal.

Sidan det er ei føremon å kode så detaljert som mogleg i utgangspunktet, for så heller å slå saman kategoriane seinare, er også dei andre kategoriane, L, R og S, delte opp vidare. Kodane skil mellom variantar som:

a) berre har støtte lokalt (L1)
b) både har støtte lokalt og i nærregionen (L2)
c) har støtte lokalt, i nærregionen og i andre regionar, men ikkje i standarden (L3)
d) har støtte lokalt og i andre regionar, men ikkje i nærregionen (L4)
e) har støtte lokalt, i andre regionar og i standarden, men ikkje i nærregionen (L5)
f) berre har støtte i nærregionen (R1)
g) både har støtte i og utafor nærregionen, men ikkje i standarden (R2)
h) berre har støtte i standarden (S1)
i) ikkje har støtte i nærregionen, men i standarden og i andre regionar (S2)
j) både har støtte i nærregionen og i standarden (dvs. ein kan ikkje skilje mellom regional variant og standardvariant) (N1)

Bakgrunnen for denne detaljerte oppdelinga er at ein dermed kan få høve til å teste hypotesen om at det er dei mest lokalt avgrensa trekka som forsvinn først, medan trekk med breiare regional støtte blir ståande eller spreier seg (jf. kap. 1, pkt. 1.1.3).

Palatalisering av alveolarar er t.d. ein av variablane både på Røros og Tynset. For begge plassane gjeld det at varianten med palatal uttale både har støtte lokalt, i nærregionen og utafor regionen. Variantar med palatal uttale får dermed koden L3. Variantar med alveolar uttale har støtte i standarden, men også i andre regionar, og får dermed koden S2. Koden S1 er reservert

for dei variantane som *berre* finst i standarden og ingen andre stadar, og R1 for dei som *berre* finst i nærregionen. Variantar som både finst i standarden og i andre regionar og dialektar utafor standarden, har fått ei eiga kode – S2. Den fullstendige lista over kodane ser dermed slik ut:

L1	Lokal dialektvariant
L2	Lokal/nærregional variant
L3	Lokal/nærregional/regional variant
L4	Lokal/regional variant
L5	Lokal/regional/standard variant
L	Samanslåing av L1, L2, L3, L4 og L5
R1	Variant som berre finst i nærregionen (men ikkje lokalt eller standarden)
R2	Variant som både finst i nærregionen og i andre regionar (men ikkje lokalt eller i standarden)
R	Samanslåing av R1 og R2
S1	Variant som berre finst i standarden
S2	Variant som både finst i standarden og i andre regionar, men ikkje i nærregionen
S	Samanslåing av S1 og S2
M	Mellomvariant
N1	Nivellert variant (variant som både finst i nærregionen og i standarden)
N2	Samanslåing av R1, R2, S1, S2 og M
N	Samanslåing av N1 og N2
U	Uforståeleg
x	Metakommentarar eller ord som av andre grunnar ikkje kan telje som belegg

I praksis har likevel relativt få variantar hamna i kategoriane L1, R1 og S1. Dei aller fleste av dei trekka eg ser på, både på Røros og Tynset, har støtte også utafor nærregionen, og har dermed fått koden L3. Det er også relativt få variantar som berre finst i nærregionen og få som berre er å finne i standarden. I dei fleste tilfelle finst dei regionale variantane både i nærregionen og i andre regionar og får såleis koden R2, og standardvariantane finst også oftast i andre regionar og får dermed koden S2. I dei tilfella der desse "andre" regionane ligg så langt unna dei aktuelle regionane, Trøndelag og Østerdalen, at det er lite truleg at dei kan ha hatt nokon innverknad på nivelleringsretninga, blir dette kommentert.

Nokre få av dei nivellerte variantane finst også i nærregionen slik at det ikkje er mogleg å avgjere om den nivellerte varianten er utslag av horisontal eller vertikal nivellering. Desse får som nemnt koden N1. Ved dei fleste av variablane er det likevel mogleg å skilje mellom

variantar som finst i nærregionen og variantar som finst i standarden og i andre regionar. Desse får då dei meir differensierte kodane S1/S2 og R1/R2.

For Røros sitt vedkomande hamnar berre eitt trekk i kategorien L1, medan Tynset ikkje har nokon variabel med denne koden. Dei aller fleste variablane både på Røros og Tynset hamnar som sagt i kategorien L3, medan berre eit par variablar har koden L2, L4 og L5. Det er størst spreiing av variablane på Røros (jf. elles kap. 6, pkt. 6.1 om dei språklege variablane).

Dei ulike differensierte kodane vil i neste omgang bli slått saman på følgjande måte: (L1, L2, L3, L4, L5) til L, (R1, R2) til R og (S1, S2) til S. Vidare vil (R1, R2, S1, S2 og M) bli slått saman til N2 og deretter (N1 og N2) til N. Det ein vil stå att med då, er L og N, noko som vil kunne gi oss eit litt grovare og meir overordna bilete av dialektnivelleringa på respektive Røros og Tynset. Det er viktig å merke seg at variablane blir koda etter korleis det konkrete trekket ein er ute etter til ei kvar tid, opptrer. Det betyr at eit ord som er belegg for fleire ulike variablar, vil kunne få ulik kode alt etter om det aktuelle trekket er L, N, R, S eller M, og ikkje etter korleis heile ordet som såleis ser ut. Til dømes vil eit ord som *skodde* vere belegg både for palatalisering av *s* framfor *k* og for palatalisering av alveolarar – i dette tilfellet *dd*. Dersom ordet kombinerer nivellert variant av *sk*-sambandet og dialektvarianten av lang *d* [skɔʝːə], vil det samla sett framstå som ein mellomvariant. Men ordet vil få koden N1 når det opptrer som belegg for *sk*-sambandet, og L3 når det er belegg for palatalisering av lang *d*. Det same kan ein sjå i ord der både fonologiske og morfofonologiske variablar opptrer saman. Ein kan finne døme på ord som kombinerer nivellert variant av palatalisering av *s* framfor *k*, dialektvariant av l'en og dialektvarianten i bøyingsmorfologien: t.d. *skolene* [skuːɽan]. Dersom heile ordet skulle ha følgt dialektnorma, ville det ha vorte [ʃkuːɽan]. Ein kan tenkje seg fleire ulike kombinasjonsmoglegheiter der ordet som heilskap vil framstå som ein mellomvariant, men der dei altså ikkje blir koda som ein mellomvariant ved kvar einskild variabel: (t.d. tjukk *l* og *-an* ending, men ikkje palatalisering av *sk*, palatalisering av *sk* og *-an* ending, men ikkje tjukk *l*, palatalisering av *sk* og tjukk *l*, men ikkje *-an* ending osb.)

Førekomsten av mellomformer og problemet med å kategorisere dei ulike variabel-belegga, tydeleggjer vansken med å postulere dei ulike varietetane som klart definerte og åtskilde språkstrukturar. Slik eg har vore inne på tidlegare, er graden av isomorfi mellom to varietetar av det same språket, naturleg nok relativt stor (jf. kap. 6, pkt. 6.1). Resultatet av

språkkontakt eller målbryting er oftast at graden av samanfall aukar. I ein kortare eller lengre overgangsfase vil språkstrukturar frå den eine varieteten gjerne bli etablerte som ein meir eller mindre fast og kontekstavhengig del av det opphavlege variantinventaret. I staden for å postulere dei to varietetane som nærast lukka og statiske system, vil det derfor vere fruktbart å fokusere på det dynamiske og variable i språket.

Når eg likevel har valt å omtale rørosmål, tynsetmål, trondheimsmål og oslomål som fire åtskilde talemålsvarietetar, heng det på den eine sida saman med at dette var mest funksjonelt, og på den andre sida at graden av formsamanfall mellom dei fleste av dei utvalde variablane er etter måten låg. Eit anna argument for ei slik inndeling er at informantane i denne granskinga verka å vere medvitne om at dei varierer mellom former som høyrer heime innafor åtskilde system. Det verka dessutan som om informantane var medvitne om kva for former som høyrer heime i rørosdialekten, og kva for former som høyrer heime i oslomålet.

I det følgjande vil eg gå gjennom dei ulike språktrekka kvar for seg og kommentere kva som har vore utfordringane ved dei ulike variablane, og korleis desse har vorte løyste. Ekserperinga og kodinga av dei ulike variablane vil bli handsama under eitt.

7.2.2.1 Ekserpering og koding av S-PAL

Som diskutert i kap. 6 pkt. 6.1.1, blir *s* framfor *k* uttalt som ein postalveolar frikativ /ʃ/ både prevokalisk framfor bakre vokalar og postvokalisk særleg etter fremre vokalar. Konsonant-sambandet blir uttalt /ʃk/ i alle posisjonar dvs. både når det står først, midt i og sist i eit ord, og dessutan også når det førekjem i samansetningar. Sidan eg her er interessert i å undersøkje om nivelleringa av dette trekket varierer etter kvar i ordet det førekjem, har eg laga eigne filer for *sk* i framlyd, midt i ordet og i utlyd. Ei slik oppdeling av variabelen gjer det i neste omgang mogleg å sjå nærare på om det er slik at den postalveolare uttalen av *sk* er særskilt resistent eller særskilt utsett for nivellering i visse posisjonar.

Ekserperinga av denne variabelen var etter måten grei. I søkeskjemaet er det, som nemnt ovafor, mogleg å avgrense søket til enkeltlydar eller lydsamband som står først i ordet, midt i eller til sist. Ved å søkje på *sk*-samband som står i byrjinga av ordet og framfor bakre vokalar, fekk eg sirkla inn aktuelle belegg for *sk* ordinitialt. På same måte fekk eg avgrensa søka for *sk* medialt og finalt. Dei aller fleste tilslaga etter denne søkeprosedyren var aktuelle belegg. Dei få ordformene som hamna i desse filene, men som likevel ikkje kunne reknas som belegg, var

lette å oppdage og enkle å fjerne. For eit oversyn over dei ordformene som har vorte rekna som belegg, sjå vedlegg 8.1. Sidan variabelen er delt opp i tre underkategoriar, vart det søkt ut tre filer per informant. Desse filene vart igjen slått saman på ein slik måte at alle *sk*-initialt-filene per informant vart slått saman med kvarandre, alle *sk*-medialt-filene med kvarandre og alle *sk*-finalt med kvarandre. Dei tre store filene for kvar av posisjonane vart til slutt slått saman til ei stor fil.

Den postalveolare frikative uttalen av *s* framfor *k* i dei aktuelle posisjonane har fått koden L1 dvs. lokal dialektvariant (jf. ovafor). Dette er eit svært lokalt avgrensa trekk som stort sett ikkje finst andre plassar enn på Røros. Sidan trekket korkje finst i nabodialektane, i trondheimsmålet eller i standard austnorsk, er det umogleg å avgjere om ei eventuell nivellering av trekket er utslag av ei horisontal eller vertikal nivellering. Den nivellerte varianten, dvs. ein alveolar frikativ uttale, har fått koden N1.

7.2.2.2 Ekserpering og koding av A-PAL

Palatalisering av alveolarar er nok den variabelen det har vore knytt størst vanskar til når det gjeld ekserperinga – og også kodinga, som vi vil kome attende til nedafor. Slik det er nemnt i presentasjonen av variablane, er palatalisering av alveolarar er eit trekk som finst i vide område av landet, men som varierer mykje i styrke frå område til område (jf. kap. 6, pkt. 6.1.2). Forskjellane kjem blant anna fram ved at palataliseringa reint fonetisk er meir markert somme stader enn andre, og ved at særdraget er gjennomført ved fleire eller færre av alveolarsambanda. Både på Røros og Tynset er palataliteten relativt svak, noko som sjølvsagt inneber visse kodingsproblem, som vi vil kome attende til nedafor. Dei ulike lange alveolarane og alveolarsambanda har vorte ekserperte og handsama kvar for seg, slik at ein kan sjå på den einskilde alveolaren eller alveolarsambandet for seg. Dei ulike filene har også vorte slått saman slik at ein kan sjå på dei samla resultata for respektive lang *n*, lang *l*, lang *t* og lang *d*. Desse filene har igjen vorte slått saman for å sjå på dei samla tala for palatalisering av alveolarar. Dette er altså også eit døme på ein variabel som har vorte splitta opp i svært mange delar under ekserpering og koding for å kunne sjå på resultata separat, men som så har vorte samla i større filer for å kunne sjå på dei samla resultata.

Det har vore ei vesentleg utfordring å finne ut av kva som kan reknast som belegg og ikkje ved denne variabelen. I ord med utanlandsk opphav (som *kontakt*, *kontor*, *montere*,

identitet, *sentrum* osb.), eller i ord som har vorte innlånte (t.d. *sånn*, *tante*, *bonde*), finn vi til dømes ikkje palatal uttale i dei to områda tradisjonelt sett. Det betyr at palatalisering av alveolarar ikkje er eit produktivt trekk, og truleg ikkje har vore det i svært lang tid.

For å avgjere kva som kan telje som belegg og ikkje, har eg i hovudsak støtta meg til Reitan (1926, 1932) sine avgrensingar av palatal uttale i dei to områda. I tillegg har eg hatt god hjelp av intuisjonen til folk frå området eller nærliggande område, og frå folk som elles har god greie på trøndermål og måla i Nord-Østerdalen.[92] Dei har sett gjennom lister med alle tilslaga og markert om dei ville hatt palatal uttale i dette ordet eller ikkje. Ved å samkøyre desse opplysningane og deretter samanhalde dei med bruken av palatalar hos dei mest tradisjonelle brukarane av respektive rørosmålet og tynsetmålet i mitt materiale, var det mogleg å kome fram til lister av ord der ein skulle kunne forvente palatal uttale (for oversyn over belegga, sjå vedlegg 8.2). I dei tilfella der det har vore usikkert kor vidt eit ord kunne reknast som belegg eller ikkje, har eg valt å halde dette utafor.

Eit svært høgfrekvent ord som eg t.d. har valt å halde utafor rørosmaterialet, fordi det er usikkert om dette er eit ord som tradisjonelt har hatt palatal uttale, er ordet *andre* (med heile 88 belegg på Røros). Her har eg teke ut *andre* både som pronomen (både ubestemt *i andre rekke* og bestemt *dem andr'an*) og talordet *andre*. Dei eldste og mest stødige dialektbrukarane mellom rørosinformantane har *ikkje* palatal uttale av *andre* korkje som pronomen eller talord. Men fleire av dei yngre og mest tradisjonelle dialektbrukarane frå Røros har palatal uttale her. *Andre* som pronomen og talord har palatal uttale andre stader i Trøndelag. Sidan eg fann ein del variasjon ved dette ordet, har eg har laga eigne filer over *andre*, fordi dette kanskje kan peike i retning av ei regional utvikling (palatal uttale er her koda som ei regional form jf. kap. 8 pkt. 8.2.2). Desse filene er sjølvsagt ikkje slått saman med dei andre førekomstane av lang *n*, men blir handsama for seg.

Svært høgfrekvente ord som *men*, *han*, *den*, *kan* og *min* har vorte ekserperte separat frå resten av belegga for palatal uttale av lang *n*, og har vorte handsama i eigne filer.[93] Bakgrunnen for dette er både praktisk (at ein ikkje får tilslag på desse orda ved søk etter dobbel *n*), og meir teoretisk (for å kunne sjekke om desse høgfrekvente orda oppfører seg

[92] Eg skuldar stor takk til Olav Gjelsvik, Røros, Arnold Dalen, Skogn, Laila Sakshaug, Innerøya, og Joleik Øverby, Tynset.

annleis enn resten av belegga). Søket har vorte vilkårleg avgrensa til maks 50 belegg per informant.

I trykksvak stilling blir *han* ofte redusert til *an* eller *'n*. Det same gjeld for *den* som ofte blir redusert til *en,* og *skull* som blir redusert til *sku*. Desse reduksjonsprodukta er sjølvsagt ikkje tekne med som belegg.

Palatalisering av alveolarar er nok den variabelen det har vore knytt størst vanskar til også når det gjeld kodinga. Sidan dette ikkje er ein diskret variabel, men akustisk sett eit kontinuum frå klart palatal, svakt palatal, meir retroflektert til alveolar, har det vore ei vesentleg utfordring å finne måtar å gjere dette på som kunne sikre reliabiliteten i kodinga. Måtane eg har løyst dette på, er for det første å lytte til den einskilde førekomsten gjentekne gonger (iTunes, lyd-programmet som vart brukt, har ein funksjon der lydsnutten kan gå i loop), og eg har også gått tilbake fleire gonger og teke stikkprøver. For det andre har eg testa og korrigert min eigen persepsjon undervegs i kodinga, ved å lytte til nokre "stjernepalatalar".

Generelt er det svært vanskeleg å oppfatte om eit aktuelt belegg har palatal uttale eller ikkje dersom det står trykksvakt. Eg har derfor konsentrert meg om dei belegga som står trykksterkt. Men eg også har teke med belegg som står trykksvakt dersom det har vore mogleg å avgjere om det var ein palatal eller ikkje. Likevel veit alle som har prøvd å kode på denne måten at ulike kodarar kjem fram til ulike kodingar, og at ein sjølv også kodar ulikt på ulike tidspunkt. For å sjekke kor stor diskrepans det eventuelt ville vere mellom ulike lyttingar og kodingar, har eg koda dei same filene fleire gonger etter ei viss tid. Sjølv om der har vore noko avvik mellom dei ulike kodingane, har det likevel vist seg at den samla prosenten av respektive nivellerte og lokale former har vore nokolunde lik. Diskrepansen mellom kodingane har i alle fall har på ingen måte vore alarmerande. Eg har også testa dette på kollegaer som har lytta til og koda delar av materialet – særleg dei informantane der den intra-individuelle variasjonen er størst og palataliteten svakast. Diskrepansen mellom deira og mine kodingar var overraskande og roande liten.[94] Alt i alt trur eg derfor at det er knytt rimeleg stor visse til kodinga av palatalane, sjølv om dei altså til tider var veldig vanskelege og tidkrevjande å kode. Som tidlegare nemnt har høg talehastigheit, mangel på trykk eller

[93] Totalt i materialet er desse pronomena og konjunksjonane belagt med 3087 førekomstar: *men* har heile 1556 belegg (971 i rørosmaterialet og 585 i tynsetmaterialet), *han* 699 belegg (respektive 487 og 212), *den* 435 belegg (respektive 293 og 142), *kan* 314 belegg (respektive 205 og 109) og *min* 83 belegg (respektive 63 og 20).

overlappande tale mellom fleire individ, gjort det umogleg å kode i ein del tilfelle. Dette problemet har vore ekstra stort ved palatalane sidan vi her har å gjere med ein kontinuerleg variabel. I alle desse tilfella har belegget vorte koda som uforståeleg, og dermed ikkje vorte rekna med i den vidare analysen.

Den palatale uttalen av dei ulike lange alveolarane og alveolarsambanda (*nn, nd, nt, ll, ld, lt, dd* og *tt*) har fått koden L3, sidan dette er eit språkdrag som finst i mange delar av landet. Den alveolare uttalen av dei same konsonantsambanda har fått koden S2, sidan vi ikkje berre finn denne uttalen i standarden, men også i mange andre norske dialektar. Men både ved lang *n* og lang *l*, er det tydeleg at fleire av informantane på Røros brukar ei form som korkje er reint palatal eller reint alveolar, og som har fått koden M. Desse mellomformene har vore uhyre vanskelege å kode. Sidan eg ikkje har hatt høve til å måle kvar einskild førekomst, har eg i hovudsak måtta stole på min eigen persepsjon. Eg har likevel også bede kollegaer om å lytte til desse førekomstane, og heller ikkje dei var i tvil om at det måtte vere snakk om mellomformer.[95] Eg har dessutan teke nokre stikkprøver av belegga og utført akustiske målingar (jf. kap. 8, pkt. 8.2.1).

I dei tilfella der målet er å sjå på opposisjonen mellom lokale og nivellerte variantar, blir mellomvariantane av lang *n* og lang *l* rekna som nivellerte variantar, og blir dermed slått saman med dei alveolare uttalevariantane (jf. t.d. kap. 9).

7.2.2.3 Ekserpering og koding av MON

Både røros- og tynsetmålet har tradisjonelt diftongforenkling av *ei* og *øy* framfor kort konsonant. På Tynset vart også *au* tradisjonelt forenkla (jf. kap. 6, pkt. 6.1.3). Monoftongering av *øy* og *au* framfor kort konsonant der desse formene skil seg frå standardtalemålet, er så å seie ikkje er belagt i materialet. Dei fleste belegga er ulike variantar av *kjøre* og *høre.* Eg har derfor valt å konsentrere meg om forenkling av *ei*. Denne diftongen har i regelen vorte til [eː] som i *rese* [reːsə], *sten* [steːn] og *heme* [heːmə]. Monoftongeringa er meir gjennomgåande på Tynset enn på Røros. Nokre ord, som t.d. *breitt* og *greitt* har tradisjonelt monoftong på Tynset, men ikkje på Røros. Det er på den måten litt ulikt kva som blir rekna som belegg på dei to

[94] Eg vil særleg rette eit stor takk til Laila Sakshaug som lytta seg gjennom og koda delar av materialet. Sidan ho sjølv er frå Trøndelag og har palatalar i sitt eige språk, var ho ei svært god hjelp og nyttig kjelde.
[95] Takk til Hanne Gram Simonsen, Rolf Theil og Arne Torp for kvalifisert lytting!

plassane (for eit oversyn over kva for ordformer som er rekna som belegg, og kor mange det er av kvar på dei respektive plassane, sjå vedlegg 8.3).

Sjølve ekserperinga gjekk føre seg på den måten at eg søkte etter diftongen *ei* som del av ord samtidig som eg førte opp ei rekkje minusord som eg ikkje ønskte å få med i søket som *ei*, *hei*, *nei* osb. Eit søk på *ei* som del av ord i heile materialet gav 5010 tilslag. Men svært mange av desse tilslaga var altså ikkje interessante for variabelen. Eg måtte derfor setje opp ei liste med ord som ikkje var aktuelle for tilslag her, og føre desse opp i boksen for minusord i søkeskjemaet. Dermed fekk eg redusert søket monaleg. Men framleis var det ei heil rekkje tilslag som måtte fjernast frå lista over belegg. Dette var gjort manuelt. Berre om lag 15% av dei opphavlege tilslaga viste seg å vere av interesse. Som nemnt er det også slik at nokre ord kunne reknast som belegg på Tynset, men ikkje på Røros. På same måte som ved dei andre variablane føregjekk søk og koding på informantnivå. Det vil seie at eg søkte ut og koda filer for kvar einskild informant. Desse informantfilene vart til slutt slått saman til ei stor fil som omfattar alle informantane på begge plassane.

Som nemnt har diftongforenklinga gått lengre på Tynset enn på Røros, og tradisjonelt sett er monoftongeringa langt meir gjennomført i Nord-Østerdalen enn i andre område i landet, og er på den måten i særleg grad eit særtrekk for denne regionen. For Tynset sitt vedkomande er derfor monoftongering av dei gamalnorske diftongane rekna som eit regionalt trekk av type a) dvs. eit trekk som er særskilt for regionen. Sidan monoftongering ikkje er eit så utprega trekk for Røros, og dessutan berre gjeld *ei* og *øy*, er trekket her rekna som eit regionalt trekk av type b), dvs. eit trekk som finst i *både* "nærregionen" og i andre regionar.

Variabelen omfattar både dei tilfella av monoftongering der røros- og tynsetmålet skil seg frå standardtalemålet, dvs. former som *arb[e:]*, *r[e:]se* og *h[e:]me*, og former som finst med diftong i folkeleg oslomål (eller den urbane standarden) (typen *veit/vet, dreiv/drev, seint/sent, skreiv/skrev, reint/rent*). For å halde desse ulike formene frå kvarandre har dei fått ulike kodar. Former som fell saman med standardvariantane, har fått ein eigen kode L5, slik at ein kan skilje desse frå dei formene der dialektvariantane er forskjellige frå standardvariantane L2/L3. Også dei nivellerte variantane av dei respektive formene har fått kvar sin kode slik at ein også kan halde desse frå kvarandre. Dei ulike kodene ved denne variabelen er altså som følgjer:

L2	former som berre finst med monoftong lokalt
L5	former som finst med monoftong i det konservative standardtalemålet

S2	diftongering av former som ikkje finst med monoftong i standardtalemålet
N1	diftongering av former som finst med diftong i det urbane standardtalemålet

Sjølve kodinga av variabelen var etter måten uproblematisk. Det var ikkje vanskeleg å høyre om informantane brukte monoftongert eller diftongert uttale ved dei ulike belegga. Alle tvilstilfelle vart som vanleg koda med U, og er ikkje rekna med i den vidare handsaminga.

7.2.2.4 Ekserpering og koding av NEG

I rørosmålet finn vi to former av nektingsadverbialet: *ittj* [icː] i trykksvak og *ikke* [ikːə] trykksterk stilling. I tradisjonelt tynsetmål har forma *itte* [icːə] vore einerådande både i trykksterk og trykksvak posisjon (jf. kap. 6, pkt. 6.1.4). Tradisjonelt hadde rørosmålet forma *ente* i trykksterk stilling, men berre to av dei eldre rørosinformantane har innslag av denne forma her. *Ikke* [ikːə] har altså for lengst har teke over i trykksterk stilling, og har derfor status som lokalt trekk her.

Uavhengig av faktisk form har dette ordet vorte transkribert som *ikke*. Denne variabelen let seg dermed lett ekserpere. Eit enkelt søk på *ikke* i heile materialet, gir heile 2306 tilslag (1378 på Røros og 928 på Tynset). For å redusere søket noko, vart det sett ei maksimumsgrense på 50 tilslag per informant. Under kodinga vart i tillegg nokre belegg fjerna anten fordi dei var uforståelege eller pga. feiltranskripsjon. Det totale talet på belegg ved denne variabelen kom då til slutt på 1533 (883 på Røros og 650 på Tynset).

Sidan det for Røros sitt vedkomande vil vere interessant å sjå om forma *ikke* spreier seg også i trykksvak stilling til fordel for forma *itt* [icː], var det viktig å skilje nektingsadverbial i trykksterk og trykksvak stilling frå kvarandre med ulike kodar. Forma *ikke* i trykksterk stilling har her fått koden L5 og forma *itt* i trykksvak stilling har koden L2, mens forma *ikke* i trykksvak stilling har koden S2. Samantrekte former som *ække* (er ikke), *hakke* (har ikke), *vikke* (vil ikke), *trukke* (trur ikke) osb. der nektingsadverbialet og det føregåande verbet er trekt saman til ei form, blir rekna saman med standardforma nektingsadverbialet *ikke*, og har dermed fått koden S2.

Under kodinga av rørosmaterialet var det likevel ikkje berre enkelt å avgjere om nektingsadverbialet stod trykksterkt eller trykksvakt. Her står vi overfor ein situasjon der det er stor fare for å trekkje sirkulære slutningar. Spørsmålet er om nektingsadverbialet står

trykksterkt fordi forma *ikke* førekjem, eller om forma *ikke* førekjem fordi ho står trykksterkt. Det kan ofte vere vanskeleg å avgjere om ei form står trykksvakt eller trykksterkt, og ein kan på denne måten urettmessig kome til å tolke noko som trykksterkt. Det er ikkje alltid mogleg å avgjere trykk ut frå auditive forhold. Her må ein i tillegg basere seg på andre kriterium. Trykk kan t.d. vere motivert ut frå semantiske og/eller pragmatiske forhold eller ut frå syntaktisk plassering.

Nektingsadverbialet står oftast trykksvakt – motsett av det ein kunne vente av eit så viktig og hyppig ord. Det er berre ved emfase av typen: "det var ho, *ikkje* han som gjorde det" eller når nektingsadverbialet står først i ei ytring: "Har du bada?" "*Ikkje* i dag". Setnings-adverbial som *ikkje* står normalt i midtfeltet, med det kan også stå i forfeltet dersom det har sterkt trykk (jf. Faarlund m.fl. 1997:814, 819-21).

Hos ein av rørosinformantane, Iris, er det tydeleg at det ikkje berre har skjedd noko med forma på nektingsadverbialet (overgang frå *itt* til *ikke* i trykksvak stilling), men det har òg skjedd endringar i syntaksen ved at informanten plasserer nektingsadverbialet før pronomenet og ikkje motsett slik det er vanleg i rørosmålet. Iris seier t.d. "*det gjør je ikke*" og "*det ser je ikke på som noe minus*" i staden for "*det gjør itt je*" og "*det ser itt je på som noe minus*". I store delar av nordvestnorske og også i ein del trøndske målføre er nektingsadverbialet normalt plassert før pronomenet (jf. Venås 1971). Venås (op.cit.:164) hevdar at tilhøva i dei trøndske målføra som kjenner leddfølgja *v a n*, er annleis enn i det nordvestlandske sentralområdet, særleg fordi denne leddfølgja berre er eit mogleg alternativ til *v n a*.

Når forma *ikke* førekjem i rørosmaterialet, er spørsmålet altså om det er fordi *ikke* står trykksterkt, eller fordi *ikke* har teke over i trykksvak stilling. I dei tilfella der *ikke* står trykksterkt her, er det koda som ei lokal form. I trykksvak posisjon er *ikke* koda som ei nivellert form. På Tynset er dette noko enklare sidan den tradisjonelle forma *itte* [itːə]/[icːə] var einerådande. Her er spørsmålet dermed om den tradisjonelle forma held seg eller om *ikke* er i ferd med å ta over. På Tynset har dermed forma *ikke* fått koden S2 uavhengig av trykk, og forma *itte* har koden L3. Sidan ein tradisjonelt ikkje har to ulike former på Tynset alt etter trykktilhøva, var det langt enklare å kode tynsetmaterialet ved denne variabelen. Ekserpering og koding vart som vanleg gjennomført på individnivå. Alle informantfilene på begge plassane er til slutt slått saman til ei fil.

7.2.2.5 Ekserpering og koding av TRYKK

Både røros- og tynsetmålet følgjer austnorsk trykkplassering med hovudtrykk på første staving i importord t.d. *'assistent*, *'dialekt*, *'frissør, 'studere*. (jf. kap. 6 pkt. 6.1.5). Mange norske målføre og det konservative standardtalemålet held likevel på trykkfordelinga frå opphavsmålet, slik at trykket blir plassert på den siste eller nest siste stavinga t.d. *assi'stent*, *dia'lekt*, *fri'sør, stu'dere* osb.

Ekserperinga av denne variabelen var forholdsvis uproblematisk sidan dette er blant dei variablane som vart merka med SGML-taggar under transkripsjonen av materialet (jf. pkt. 7.2.1 ovafor). Ved å krysse av i boksen for "trykk første staving", fekk eg opp lister med belegg for denne variabelen (jf. søkeskjemaet vedlegg 7.7). Men sidan trykkplasseringa i importord likevel kan varierer noko i ulike geografiske område, fekk eg lokalkjende til å gå gjennom listene med importord for å sikre at ord som ikkje kan reknast som belegg for denne variabelen, ikkje vart tekne med (for eit oversyn av kva for ord som er rekna som belegg sjå vedlegg 8.5).[96]

Den lokale varianten med trykk på førstestaving har fått koden L3 sidan dette er eit trekk som både finst lokalt på Røros og Tynset, i nærregionane til dei to områda og generelt i heile austlandsregionen. Dette er altså eit svært utbreidd dialekttrekk som er typisk for dei austnorske målføra. Grensene for utbreiinga fell saman med grensene for jamvektssystemet (jf. pkt. 7.2.2.6 nedafor), og også med den austnorske uttalen av tonemgrupper (t.d. å *ˇgå ut, ˇstå opp* kontra vestnorsk *å gå 'ut, stå 'opp*). Vestnorsk og såkalla standard austnorsk held som nemnt på trykkplasseringa i opphavsspråket. Trykk på andre- eller tredjestaving har såleis fått koden S2. Sjølve lyttinga og kodinga gjekk svært greitt sidan dette er ein diskret variabel med berre to valmoglegheiter. I dei aller fleste tilfelle er også lett å høyre kva for staving som blir aksentuert. Ved denne variabelen var det såleis svært få tvilstilfelle ved kodinga. Det vart som vanleg ekserpert og koda eigne filer for kvar enkelt informant. Alle informantfilene er deretter samla ei større fil.

[96] Stor takk til Joleik Øverby, Tynset og Olav Gjelsvik, Røros.

7.2.2.6 Ekserpering og koding av JAM

Dialektane på Røros og Tynset høyrer tradisjonelt til jamvektsmåla, med utjamning- og tiljamningsformer i dei historiske jamvektsorda, og *e*-endring i historiske overvektsord (jf. kap. 6, pkt. 6.1.6). Rørosmålet skil seg på den måten frå andre trøndske målføre som har apokope i dei fleste overvektsord.

Ekserpering av aktuelle belegg var etter måten uproblematisk ved denne variabelen: Alle infinitivar er tagga i transkripsjonen, og er såleis moglege å søkje ut ved å krysse av for infinitivar i søkeskjemaet. Dette gir tilslag på alle infinitivar. I denne samanhengen er vi likevel berre interesserte i tostava infinitivar av den historiske jamvektstypen. For å kunne avgrense søket, har søkeskjemaet har som nemnt ein funksjon for "minusord", dvs. ord ein ikkje vil ha tilslag på. I dette feltet kan ein liste opp alle potensielle tilslagsord som ikkje er relevante for den aktuelle variabelen. Det var dermed mogleg å luke ut dei infinitivane som ikkje var aktuelle som belegg – t.d. alle einstava infinitivar og historiske overvektsinfinitivar. På denne måten kom det fram konkordanslister med relativt lite "slagg", slik at det vart enkelt å fjerne det som måtte vere igjen av ikkje-relevante belegg frå listene før vidare lytting og koding. Det vart ekserpert og koda eigne filer for kvar informant. Desse filene har vorte slått saman til ei fil.

Dei tradisjonelle formene har vorte koda som lokal form av typen L3, sidan desse tiljamnings- eller utjamningsformene både er å finne i og utafor nærregionen. Tiljamnings-former finn vi i heile jamvektsområdet, medan utjamningsformene er å finne i større eller mindre grad i austnorske målføre – mest i Sør-Trøndelag/Østerdalen og i Aust-Telemark.

I Trondheim bymål har ein sett ein tendens til at tradisjonelle jamvektsord blir realisert som historiske overvektsord, dvs. at dei blir apokoperte, og ein får former som *vær* og *gjør* istf. *værra* og *gjærra*. Ei eventuell liknande utvikling på Røros vil kunne avsløre regionale utviklingstendensar. Former med avhogd ending, og endra vokalisme der det er mogleg, er derfor koda som regionale former R1 både på Røros og Tynset. Det er likevel svært vanleg at enkelte av desse infinitivane, særleg *være* og *gjøre* med schwa, opptrer utan ending også andre stadar i landet (såkalla schwa-stryking framfor klitikon). Dette fenomenet finn vi både i oslomålet og i (by)dialektar i det sørvestlege og det nordvestlege e-målsområdet – dvs. i område som ikkje har apokope. Det er derfor diskutabelt kor vidt dette er den mest adekvate kodinga for nett desse formene, men det vil vi kome attende til under analysen av denne

variabelen (sjå kap. 8, pkt. 8.1.6). Dersom bøyingsendinga er apokopert, men vokalismen har behalde den lokale forma, som t.d. *vår* istf. *vær,* har dette vorte koda som ei mellomform M. Både former som er koda som R1 og M blir rekna som nivellerte former, og blir dermed slått saman med S2 til N i den overordna analysen (sjå kap. 8 pkt. 8.16 og kap. 9). Former med *-e*-ending som t.d. *være* og *gjøre* har fått koden S2 sidan desse formene både finst i det konservative standardmålet og i fleire andre dialektar rundt om i landet (t.d. i delar av e-målsområdet).

7.2.2.7 Ekserpering og koding av APOK

Apokope i tostava overvektsord førekjem relativt sjeldan i rørosmålet og tynsetmålet, og heng ikkje saman med historisk overvekt, slik tilfelle er i dei fleste trønderdialektar (jf. kap. 6, pkt. 6.1.7). Infinitiv av overvektstypen blir som regel *ikkje* apokopert, men har utlydande *-e* (dvs. som standardtalemålet) både på Røros og Tynset. Rørosmålet skil seg altså på dette punktet frå anna trøndermål. Omfanget av apokope på Røros og Tynset er svært avgrensa, og omfattar i hovudsak infinitiv av svake *ja*-verb og fortidsforma av nokre verb. Adjektiv som *store* og *mange* og determinativ som *alle* blir også forkorta i enkelte stillingar, men dei tostavings-formene som oftast blir apokoperte, tilhøyrer verbet, og det er derfor desse som er ekserperte som belegg for denne variabelen her.

I transkripsjonen vart alle infinitivar merka med SGML-taggar. Det å søkje ut alle infinitivar er derfor ei smal sak. Men her er vi først og fremst interesserte i infinitiv av svake *ja*-verb. Sidan dette er ei relativt avgrensa gruppe verb, viste det seg å vere enklast å søkje ut desse orda for seg. Dei ordformene som vart ekserperte og som blir rekna som belegg her, er som følgjer: *fortelje, telje, leggje, setje, velje, selgje, spørje, skilje, symje* og *krevje*. Som nemnt i kap. 6 pkt. 6.1.7, blir infinitivsforma å *seie* også forkorta på Røros og Tynset (å *sei*). Dette verbet er ikkje eit *ja*-verb historisk sett (jf. norr. *segja* - *segir*), og grunnen til forkortinga er gjerne analogi frå fortidsforma *sa* (jf. Reitan 1932). Ei nivellering av denne infinitivsforma inneber ikkje ein overgang til ei form med utlyds *-e*, men ein overgang til standardforma å *si*. Dette verbet er derfor ikkje teke med som belegg i denne samanhengen. Andre verbalformer som normalt er ukorta, vil også kunne misse endevokalen i setningssamanheng. Slike verbformer er sjølvsagt heller ikkje rekna med som belegg her.

I tillegg til dei svake *ja*-infinitivane bestod søkestrengen også av fortidsformene av verba *måtte, kunne, skulle* og *gjorde*. Fortidsforma *skulle* blir i mange tilfelle redusert til *sku*

både på Røros og Tynset. Denne kortforma finst også i oslomålet og i mange andre målføre, og kan ikkje reknast som eit tilfelle av apokope, men er snarare ei samantrekt form som ofte førekjem i hurtig tale. I dei tilfella der den ortografisk transkriberte forma *skulle* ved gjennomlytting har vist seg å vere forma *sku*, har det vorte fjerna som belegg frå kodingsskjemaet. Fortidsforma av modalverbet *hadde* blir apokopert i enkelte område, men er ikkje nemnt hos Reitan (1932, 1926) som ei form som tradisjonelt har vorte apokopert på Røros og Tynset. Sidan også fleire av dei mest stødige brukarane av den tradisjonelle røros- og tynsetdialekten hadde -*e*-ending ved denne ordforma, vart ikkje *hadde* teken med på lista over aktuelle belegg.

Kodinga av denne variabelen var forholdsvis grei, sjølv om det i enkelte tilfelle kunne vere vanskeleg å oppfatte om vedkomande sa *sku* eller *skull* ved hurtig eller utydeleg tale. Også ved dei andre verbformene kunne det i setningssamanheng somme tider vere vanskeleg å oppfatte om endevokalen var forkorta eller ikkje – særleg framfor ord som byrjar på *e-* eller *de-*. Alle tvilstilfelle har vorte merka med U for uforståeleg, og har såleis ikkje vorte tekne med i den vidare analysen. Den tradisjonelle apokoperte forma av dei nemnte *ja*-verba og fortidsformene har fått koden L3, sidan desse ordformene også blir apokoperte i andre område både i nærområda til Røros og Tynset og i andre regionar. Standard austnorsk, men også vestnorsk har -*e*-ending ved desse verba. Former med -*e*-ending gir derfor koden S2.

For å undersøkje om apokopen eventuelt skulle vere på frammarsj i rørosmålet etter påverknad frå andre trøndermål, ønskte eg også å sjå nærare på dei tostava historiske overvektsinfinitivane på Røros. Desse har derfor vorte ekserperte for seg i eigne kodingsfiler. Dei tostava overvekstinfinitivane vart ekserperte ved at eg kryssa av for "infinitiv" i søkeskjemaet. Sidan denne kategorien også inkluderer einstava overvektsinfinitivar, svake *ja*-verb og andre historiske jamvektsinfinitivar, vart det laga ei liste over "minusord" for å unngå tilslag på desse infinitivane. Det som likevel kom med av uønska tilslag, vart deretter fjerna frå kodingsskjemaa.

Sidan tostava overvektsinfinitivar endar på -*e,* ikkje berre i rørosmålet og tynsetmålet, men også i standard austnorsk og i andre målføre, har denne forma fått koden L5. Den apokopert varianten av desse overvektsorda har fått koden R2, sidan dette er den mest utbreidde regionale forma i Trøndelag.

7.2.2.8 Ekserpering og koding av BFPL

Dei aller fleste substantiv, både i femininum, maskulinum og nøytrum, får tradisjonelt endingane *-an* eller *-n* i bestemt form fleirtal nominativ både på Røros og på Tynset. Berre nokre få substantiv får endingane *-en* eller *-a*. Bruken av dativ er ikkje særskilt utbreidd lenger korkje på Røros eller Tynset, men tradisjonelt ville substantiv i bestemt form fleirtal har endingane *-om/-öm* i dativ (jf. kap. 6 pkt. 6.1.8).

Alle substantiv i bestemt form fleirtal vart transkriberte med bøyingsendinga *-ene* uavhengig av kva for ending som faktisk vart brukt. Føremålet med dette var sjølvsagt å kunne søkje ut denne variabelen på ein enkel måte. Ved å søkje på *-ene* i utlyd fekk eg fanga opp alle aktuelle belegg ved denne variabelen. Eg fekk også med nokre ordformer som ikkje høyrer heime som belegg her, men desse var det relativt enkelt å oppdage og fjerne (for eit oversyn over kva for ordformer som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.8).

Det mest interessante i denne samanhengen er å sjå om dei tostava formene (med endingane *-an/-n/-a* eller dativ *-om/-öm*) held seg, eller om dei blir nivellerte til den trestava forma med endinga *-ene*. Alle dei tradisjonelle bøyingsendingane i bestemt form fleirtal har fått koden L3, medan den trestava forma med *-ene* har koden S2. Ved denne variabelen er det også interessant å undersøkje om *-an*-endinga, som er den vanlegaste av dei tradisjonelle endingane, spreier seg til feminina av typen *bok* og til nøytrumsord av typen *tak*. Bruk av endinga *-an* i ord der ein tradisjonelt har *-n* eller *-a (bøken*, *føt'n*, *taka*), har fått koden R2. Bakgrunnen for å kode dette som ei regional form, er at *-an* regionalt sett er den mest utbreidde bøyingsendinga i bestemt form fleirtal, og at ein eventuell ekspansjon av denne endinga til heile paradigmet kan peike i retning av ei regional utvikling. Former som får *-en-* eller *-a*-ending der ein tradisjonelt har hatt *-an* (*helgen, foreldra*) blir koda som mellomformer M, medan overgang til den trestava standardforma *-ene* blir koda som ei standardform. Bruk av nominativsformer der ein skulle forvente ei dativform, har ikkje fått ein særskilt kode her. Dermed har ein ikkje høve til å undersøkje bruken av dativformer. Det var likevel svært få informantar som hadde innslag av dativ. Desse er stort sett for lengst erstatta av dei tilsvarande nominativsformene. Det var derfor lite føremålsteneleg å skulle bruke energi på å gi nominativsformer i dativposisjon ein eigen kode. Både tostava former som tradisjonelt har endinga *-n, -a* eller dativ *-om/-öm*, blir altså til liks med tostava former med *-an*, koda som lokale former av typen L3.

Både ekserperinga og kodinga av denne variabelen var lite problematisk, og gjekk som vanleg føre seg individvis. Dei individuelle filene har sidan vorte slått saman til ei fil som inkluderer alle belegg hos alle informantane på både Røros og Tynset.

7.2.2.9 Ekserpering og koding av UFPL

Denne variabelen gjeld berre for Røros, og er eitt av dei få trekka som tradisjonelt skil måla i Nord-Østerdalen frå dialektane i Sør-Trøndelag. I det tradisjonelle rørosmålet endar dei aller fleste substantiv på *-a* eller *-Ø* i ubestemt form fleirtal. Nokre utjamningssubstantiv vil også kunne ende på andre vokalar enn *-a* (jf. kap. 6, pkt. 6.1.9). I tynsetmålet, derimot, endar desse dei aller fleste substantiv på *-er* i ubestemt form fleirtal.

For å gjere ekserperinga enklare, vart alle substantiv i ubestemt form fleirtal transkribert med bøyingsendinga *-er* uavhengig av kva for ending som faktisk er brukt. Ved å søkje på *-er* i utlyd er det mogleg å fange opp alle aktuelle belegg ved denne variabelen. Men ei rekkje andre ord endar også på *-er*. Dermed vart det ein ganske stor jobb å luke ut alle ikkje-relevante tilslag frå konkordanslistene. Eg reduserte likevel søket monaleg ved å føre opp ei lang liste med frekvente ord som endar på *-er* i boksen for minusord: t.d. *er, her, der heller, eller*, og i tillegg ei lang rekkje presensformer: *sier, mener, kjenner* osb. (for eit oversyn over dei orda som er rekna som belegg sjå vedlegg 8.9).

Spørsmålet her er om *-a/-Ø* og *utjamnings*endingane held seg, eller om ending på *-er* er på veg inn, og dessutan om *-a*-endinga spreier seg til former som tradisjonelt har hatt *-Ø* eller utjamning (*vukku(a) > uka*). Dei ulike kodane som er brukte for å halde dei ulike bøyings-endingane frå kvarandre, er for det første L3 for dei tradisjonelle endingane (vere seg *-a/-Ø* eller utjamningsending), S2 for den nivellerte forma *-er*, og R2 for dei tilfella der *-a* har erstatta ei opphavleg utjamningending. Filene er ekserperte og koda for kvar einskild informant og deretter slått saman til ei samla fil for alle informantane på Røros.

7.2.2.10 Ekserpering og koding av PRES.ST

Både rørosmålet og tynsetmålet har tradisjonelt kortformer i presens av sterke verb og i svake *ja*-verb (jf. kap. 6, pkt. 6.1.10). Spørsmålet her er om dei tradisjonelle kortformene held seg, eller om det er i ferd med å skje ein generell overgang frå kort- til langformer. Presens av sterke verb er eit av dei trekka som vart merka med SGML-taggar i transkripsjonen. Dermed

er det svært lett å få ut konkordanslister ved denne kategorien. Ved å krysse av i boksen for "Presens (sterkt verb)" i søkeskjemaet får ein opp lister med alle sterke verb. I denne samanhengen er det likevel ikkje alle sterke presensformer som er av interesse, men berre dei som inngår i variasjon med potensielle langformer (t.d. *kjem* kontra *kommer*). For å avgrense søket, vart einstava presensformer som ikkje er aktuelle som belegg, som *ser, ler, gir, går, står* osb., førte opp i boksen for minusord. Dei svake *ja*-verba er ikkje tagga spesielt ved transkripsjonen, og måtte derfor søkjast ut for seg. Dette vart gjort ved å setje opp ei liste med aktuelle *ja*-verb og søkje desse ut spesielt. På lista over dei svake *ja*-verba vart det også teke med eit verb som strengt teke ikkje er eit *ja*-verb i norrønt, men som oppfører seg tilnærma likt desse verba. Det er verbet å *seie* (norr. *segja*). Dei sterke verba og dei svake *ja*-verba vart altså ekserperte kvar for seg, men vart sidan fletta i hop til ei fil per informant etter gjennomlytting og koding. For eit oversyn over dei verba som er tekne med som belegg, sjå vedlegg 8.10.

Kodinga av denne variabelen var etter måten ukomplisert og inneheldt få tvilstilfelle. Dei tradisjonelle kortformene har fått koden L3 sidan dette er former som er vanlege i store delar av landet. Dei langstava formene er på si side ikkje eksklusive for såkalla standard austnorsk, men er også svært utbreidde i andre delar av landet – særleg i urbane strok. Langformene har derfor fått koden S2. Enkelte presensformer har også vorte koda som mellomformer. Det gjeld t.d. slike presensformer som endar på schwa i presens slik at det heiter t.d. *hive*, *treffe*, *renne* og *hølle* istf. *hiv*, *treff*, *renn* og *høll*. Desse formene samsvarar korkje med den tradisjonelle forma eller med standardforma og har derfor vorte koda som mellomformer. Verbet å *seie* har tradisjonelt presensforma *sei* på Røros og Tynset. Den tilsvarande standardforma vil vere *sier*. Men vi finn også forma *si*, som altså både skil seg frå den lokale forma og frå standarforma, og som dermed har vorte koda som ei mellomform. I den meir overordna analysen har mellomformene vorte slått saman med standardformene, sidan det er nivellerte former (jf. kap. 9). Den samla fila som ligg til grunn for analysen, inkluderer både sterke verb og svake *ja*-verb hos alle informantane frå begge plassane.

7.2.2.11 Ekserpering og koding av PRES.SV

På line med svært mange andre dialektar i landet har både røros- og tynsetmålet tradisjonelt bortfall av trykklett endings-*r* i tostava presens av svake a- og e-verb (jf. kap. 6, pkt. 6.1.11). Presens av svake verb vart merka med SGML-taggar i transkripsjonen og er på den måten lette

å søkje ut. I denne samanhengen er det likevel berre presens av fleirstava svake -a og -e-verb som er av interesse. Både *ja*-verb og einstava svake verb som *gjør, bor, vet, trur, får* osb., måtte dermed førast opp i boksen for minusord for å avgrense søket. Men sjølv etter eit slikt avgrensa søk var det nødvendig med ein grundig gjennomgang av konkordanslistene for å luke ut uaktuelle tilslag. Eit søk på alle svake verb gir 3332 tilslag, medan det endelege talet på belegg for denne variabelen ligg på 1421 (890 på Røros og 531 på Tynset). For eit fullstendig oversyn over kva for ord som er rekna som belegg, sjå vedlegg 8.11.

Kodinga av denne variabelen var stort sett uproblematisk. I enkelte tilfelle kunne det likevel vere vanskeleg å høyre om endings-*r* var med eller ikkje ved hurtig tale eller ved påfølgjande *r*- i byrjinga av neste ord. Alle tvilstilfelle er merka med U for uforståeleg og er dermed ikkje tekne med i den vidare analysen. Former med utlyds-*r* finst ikkje berre i standardtalemålet og har derfor fått koden S2. Konsonanten held seg i eit stort austleg område og i eit belte over mot Ryfylke, og er dessutan også vanleg i ein del bymål. Bortfall av utlyds-*r* er som nemnt svært vanleg i mange dialektområde rundt om i landet. Dei tradisjonelle formene har derfor fått koden L3.

7.2.2.12 Ekserpering og koding av SUP

Supinum av sterke verb er i regelen tostava både på Røros og Tynset og har utlydsvokal på *-e* (jf. kap. 6 pkt. 6.1.12). Ekserperinga av denne variabelen gjekk relativt greitt sidan dette også er blant dei språklege trekka som vart markerte med SGML-taggar i transkripsjonen. Ved å krysse av i boksen for "Supinum" i søkeskjemaet fekk eg tilslag på alle sterke verb i supinum. Nokre av desse var likevel ikkje aktuelle i denne samanhengen. Det gjeld t.d. sterke verb som opphavleg har hatt sterk bøying i supinum, men der svake einstava partisippformer for lengst teke over, t.d.: *gått, fått, stått, gitt* istf. *gange, fenge, stande, gjeve*. For å utelate desse verba frå søket vart dei derfor førte opp i boksen for minusord. Verba *slå*, *ta*, *gli* og *svi* vekslar derimot mellom tostava og einstava former og er dermed tekne med her (jf. kap. 6, pkt. 6.1.12). Ved ein nøye gjennomgang av konkordanslistene vart det dessutan luka ut ein del uaktuelle tilslag. For oversyn over kva for ord som er rekna som belegg for denne variabelen, sjå vedlegg 8.12.

Kodinga av denne variabelen var også ganske grei. Sterke supinumsformer med *e*-ending er utbreidde over størsteparten av landet, og har derfor fått koden L3, medan einstava

partisippformer med *-t/-tt* og tostava former med *-t* begge har fått koden S2. Einstava former med *-t/-tt* er vanlege i mange dialektar særleg på Vestlandet. Tostava former med *-t* er derimot ikkje spesielt utbreidde, men finst mest berre i standardtalemålet, t.d. *funnet*, *sovet*.

7.2.2.13 Ekserpering og koding av PERS.1

På Røros blir første person eintal av det personlege pronomenet tradisjonelt uttala *je*. I tynsetmålet er den tradisjonelle forma i første person personleg pronomen *ei,* men det ser likevel ut til at *je* har teke over som lokal form også på Tynset (jf. kap. 6 pkt. 6.1.13). Forma *je* er svært utbreidd i Østerdalen og på flatbygdene, men finst stort sett ikkje andre stader i Trøndelag. Det vil seie at *je* har støtte i nærregionen for Tynset sitt vedkomande, men ikkje for Røros.

I transkripsjonen vart det personlege pronomenet transkribert som *jeg* uavhengig av kva for form som faktisk vart brukt. Bakgrunnen for dette var sjølvsagt å lette ekserperinga av variabelen. Eit søk på *jeg* i heile materialet, gir så mykje som 3902 treff. For å avgrense søket noko, sette eg her øvre grense på 50 tilslag per person. Dermed fekk eg redusert konkordans-listene noko samtidig som eg beheldt nok belegg. Til saman vart 1410 belegg (814 på Røros og 596 på Tynset) av pronomenet *jeg* lytta til og koda.

Kodinga av denne variabelen gjekk stort sett greitt, men baud likevel på visse utfordringar. Forma *je* er sett saman av halvvokalen /j/ og den lange vokalen /eː/, /jeː/. I stillingar der pronomenet står trykksterkt vil denne forma ha ein tydeleg kvalitet, men i meir trykksvake stillingar vil halvvokalen gjerne verte noko meir utydeleg, og forma vil kunne bli forkorta til *e*. Uttalekvaliteten vil sjølvsagt også vere avhengig av den fonetiske konteksten pronomenet står i. I dei tilfella der pronomenet tydeleg blir uttala som *je*, har det vorte det koda som ei lokal form av typen L3 både på Røros og Tynset. Den forkorta forma *e* har eg valt å kode som ei mellomform (M), sjølv om den kanskje også kunne reknast som ei lokal form (jf. vidare diskusjon i kap. 8, pkt. 8.13). Her var det i somme tilfelle vanskeleg å høyre om informantane sa *je* eller *e*, og dermed vanskeleg å avgjere om koden skulle vere L3 eller M. I langt dei fleste tilfella er likevel den lokale forma ein meir eller mindre tydeleg uttale *med* halvvokalen *j*. I den meir overordna analysen har mellomforma *e* vorte slått saman med dei *lokale* formene *je/ei* (og *ikkje* med dei nivellerte formene slik mellomformene oftast blir ved dei andre variablane) (jf. kap. 9).

Standardforma av det personlege pronomenet blir normalt uttala */jæːi/*, men i omgivnader der pronomenet er svakare aksentuert, vil det kunne realiserast som /*jæ*/. Begge desse formene har fått koden S2. Vekslinga mellom diftongert og monoftongert uttale av standardvarianten vil på same måte som for dei lokale variantane vere avhengig av trykktilhøva og dei fonetiske omgivnadene. I langt dei fleste tilfella er opposisjonen mellom den lokale forma *je* og standardformene *jæi/jæ* relativt eintydig. Men sidan det personlege pronomenet ofte står trykksvakt i ein frase, kan det i somme tilfelle vere vanskeleg å avgjere kva for ei form vi faktisk har med å gjere. Her gjeld det same prinsippet som for dei andre variablane, nemleg at alle usikre førekomstar har vorte haldne utafor materialet.

7.2.2.14 Ekserpering og koding av PERS.3

Dialektane på Røros og Tynset har begge tradisjonelt *ei* pronomenform i tredje person fleirtal, uavhengig av syntaktisk funksjon. Rørosmålet har tradisjonelt *dæm* som subjekts- og objektsform, medan tynsetmålet tradisjonelt har *døm* som einaste form, men også forma *dæm* blir nytta her. På Røros blir forma *dæm* brukt både når det står som pronomen og som determinativ (t.d. *dæm flaskan der borte*). På Tynset skil ein tradisjonelt mellom pronomenforma *døm/dæm* og *di* som determinativ (jf. kap. 6. pkt. 6.1.14). I transkripsjonen vart pronomen i tredje person fleirtal transkribert i samsvar med bokmålsstandarden, dvs. *de* i subjektsposisjon og *dem* i objektsposisjon – uavhengig av kva for former som faktisk blei brukt. Også dersom forma står som determinativ, vart ho transkribert i høve til bokmålsnormalen – dvs. med forma *de (*t.d. *de flaskene der borte)*.

Ved denne variabelen er det ikkje alltid er like lett å avgjere kva som skal reknast som belegg for pronomen og determinativ, og vidare kva som kan reknast som belegg for pronomenet i respektive subjektsform og objektsform. Hovudregelen for bruken av dei to kasusformene i moderne bokmål er at nominativ blir brukt når pronomenet er subjekt, og akkusativ når pronomenet står som utfylling til verb, preposisjon eller adjektiv (jf. Faarlund m.fl. 1997:318). Men i ein god del tilfelle vaklar bruken av nominativ og akkusativ.[97] I nokre

[97] Når pronomenet ikkje har nokon syntaktisk funksjon i ei setning, blir ofte akkusativforma brukt – *stakkars dem*. Når predikativet er refleksivt og har *sjøl* som adledd, er berre akkusativforma mogleg – *de vil være dem sjøl*. Etter kopulaverb er det også ein tendens til å føretrekkje akkusativ – *han er redd dem*. I funksjon som subjektspredikativ kan ein bruke begge formene – *det er de* eller *det er dem*. Når pronomenet står som einaste frase i eit samanlikningsledd etter *enn* og *som*, kan leddet oppfattast som ei preposisjonsfrase, og vi får då

tilfelle kan dessutan bruken av *de* i objektsfunksjon skuldast at det ikkje blir oppfatta som eit pronomen, men som eit determinativ, og dei har som kjent ikkje kasusbøying (jf. Faarlund m.fl. op.cit.:208ff).

Dette inneber altså at det kan vere problematisk å avgjere kva som skal reknast som belegg ved denne variabelen. Det som primært er av interesse her, er å plukke ut tredje person fleirtals pronomen i *subjektsposisjon*. Spørsmålet er jo om folk på Røros og Tynset held på *dæm/døm* i nominativ, eller om *di* er på veg inn etter mønster frå bokmål og det konservative, bokmålsbaserte standardtalemålet. Sidan det i somme tilfelle kan vere tvil om pronomenet har subjekts- eller objektsfunksjon, har eg valt å kutte ut dei tilfella der pronomenet openbert står i akkusativ, men teke med dei tilfella der det kunne ha vore begge deler. Eg har også utelate dei tilfella der *dæm/di* openbert står som determinativ, men har rekna med som belegg dei tilfella der det kunne ha vore enten determinativ eller pronomen. For ei oversikt over kva som har vorte rekna som belegg, sjå vedlegg 8.14.

Så å seie alle norske dialektar har ei og same form uavhengig av syntaktisk funksjon. Dette trekket har såleis brei regional støtte. Den lokale forma har derfor fått koden L3 her. Skiljet mellom *di* som subjektsform og *dem* som objektsform er så å seie berre vanleg i det konservative standardtalemålet. Standardforma *di* har derfor fått koden S1 her.

7.2.2.15 Ekserpering og koding av K/KV/H

I norrønt skilde ein mellom *hv*-, *kv*- og *v*- i framlyd. I størsteparten av norsk målområde, inkludert Røros og Tynset, er gamalnorsk *hv*- differensiert til *kv*-, *k*- eller *h*- (jf. kap. 6 pkt. 6.1.15). Alle spørjepronomen, resiproke pronomen og andre pronominale adverbial vart transkriberte med *hv*- uavhengig av kva for form som faktisk vart brukt. Ved å søkje på *hv*- i byrjinga av ord, fekk eg dermed søkt ut dei aller fleste belegga av denne variabelen. For å avgrense søket til dei orda som er aktuelle i denne samanhengen, vart ord som *hvis* og *hvertfall* og *hvert fall* førte opp i boksen for minusord. For å sikre at eg ikkje skulle gå glipp av

---

akkusativ – *vi er like modige som dem*. Men *enn* og *som* kan også oppfattast som subjunksjon, og pronomenet kan då oppfattast som subjekt og dermed stå i nominativ – *vi er modigere enn de* (er). *Før*, *uten* og *untatt* kan også oppfattast som samanlikningsledd, og kan derfor blir følgt av pronomen i nominativ – *vi kom før de*. Dersom den syntaktiske konstruksjonen er slik at subjektsfunksjonen ikkje er heilt klar, kan akkusativforma bli brukt som subjekt – *dem vi møter, er gamle*. Motsett finn ein også *de* for *dem* i ikkje-subjektsfunksjon – særleg dersom pronomenet står i forfeltet – *det er bare tre folk eller noe sånn, og de er gamle*. Også etter preposisjonsfraser eller relativsetningar som adledd, er nominativsforma vanleg (for grundigare skildring sjå Faarlund m.fl. 1997:320ff).

aktuelle belegg, søkte eg også på ord som byrja med *kv*-, sjølv om desse orda i prinsippet skulle ha vorte transkriberte med bokmålsforma *hv*-.

Former med *k-, kv*- eller *h*- finst i mesteparten av landet, men akkurat dei formene som blir brukte på Røros – som *keffer, kelles* og *kem* og Tynset *keffer, håssen* og *håkken*, er særskilde for dei respektive regionane. Desse formene har støtte lokalt, i nærregionen og i andre regionar, men ikkje i standarden og har derfor fått koden L3. Standardforma med *hv*- finst hovudsakleg i den bokmålsbaserte standarden, og har derfor fått koden S1.